



HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPROGRAM 2013-2016

ØKONOMIPLAN 2014-2016

ÅRSBUDSJETT 2013

Kommentarar og tal



Kommunestyret sitt vedtak

FORORD

Rådmannen legg med dette fram forslag til handlingsprogram for perioden 2013 – 2016.

Handlingsprogrammet samordnar budsjett for 2013, økonomiplan for 2013 – 2016 og til ein viss grad, målformuleringar for drifta.

Sidan Hareid kommune no er på Robek-lista er det knytt særskilte krav til budsjettvedtaket. Fylkesmannen i Møre og Romsdal kjem difor til å ha eit skjerpa fokus i høve lovlegkontroll og godkjenning av låneopptak, så lenge kommunen opprettheld status som Robek-kommune. I tillegg er det for denne budsjetthandsaminga knytt eit krav om politisk handsaming av forpliktande plan for å kome ut av Robek. Det er fylkesmannen som legg dette kravet på oss.

Det er elles lagt til grunn at det frå politisk hald er eit ynskje at rådmannen arbeider fram eit framlegg ut frå den økonomiske situasjonen og føringar som ligg i tidlegare politiske vedtak.

Arbeidet med handlingsplanen er som regel krevjande. Det er ekstra krevjande i periodar då vi skal dekke inn tidlegare driftsunderskot i tillegg til å tilpasse driftsnivået til inntektene våre. Rådmannen vonar likevel at materialet som ligg føre gjev eit tilstrekkeleg godt grunnlag for dei folkevalde til å fatte gode avgjerdsler til beste for dei som bur i kommunen,

Hareid, 21.11.2012

Bent Arild Grytten
Rådmann

1 Innhald

Forord	2
1 Rådmannen sitt forslag til vedtak.....	5
1.1 Handlingsprogram 2013 – 2016.....	5
1.2 Årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013 - 2016.....	5
1.2.1 Drift.....	5
1.2.2 Investering/finansiering	7
1.3 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar.....	8
1.4 Diverse	23
2 Innleiing.....	24
3 Kommunen sine rammevilkår	27
3.1 Folketalsutvikling	27
3.1.1 Utvikling i befolkninga siste 10 år	27
3.2 Frie inntekter.....	27
3.2.1 Skatt og rammetilskot	28
3.2.2 Eigedomsskatt	28
3.2.3 Andre frie inntekter	29
3.2.4 Premieavvik	29
3.3 Finansutgifter og inntekter	29
3.3.1 Renteutgifter og utbytte.....	29
3.3.2 Renteutgifter og avdrag på eksisterande lån.....	30
3.3.3 Interne finanstransaksjonar.....	30
3.3.4 Samla netto inntekter etter finanskostnader og avsetningar til disposisjon for sektorane:	31
4 Drift.....	33
4.1 Budsjettprosessen og rådmannen sitt forslag til driftsbudsjettet 2013 og økonomiplan 2014 - 2016.....	33
4.1.1 Justert driftsbudsjett pr. 2. kvartal 2012 er basis for rammebudsjetta for 2013.	33
4.1.2 Framskrivning av 2012-rammene med forventa løns- og prisvekst for 2013.	33
4.1.3 Arbeidsgjevar sin del av pensjonsutgiftene	33
4.1.4 Arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie	33
4.1.5 Registrering av behov med grunnlag i vedtak og planar.....	33
4.1.6 Endringar frå 2012 til 2013 og 2014 - 2016	34
4.1.7 Forslag til tiltak som er innarbeidde i handlingsprogrammet.....	34
4.1.8 Tiltak som ikkje er med i handlingsprogrammet	35
4.1.9 Brutto utgifter og inntekter, samt netto utgifter pr. sektor.....	36
4.2 Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2014 – 2016.....	36
5 Investeringar	39
5.1 Hovudoversyn investeringar.....	40
5.2 Samla detaljoversyn over investeringane.....	41
5.2.1 Bruttoinvestering, lån og avdragstid for dei enkelte prosjekt.....	41
5.2.2 Kommenterar til dei einskilte investeringsprosjekta.....	43
5.3 Detaljoversyn investering dei einskilte år	50
5.3.1 Bruttoinvestering, finansiering, renter og avdrag for dei einskilte prosjekta 2013	50
5.3.2 Bruttoinvestering, finansiering, renter og avdrag for dei einskilte prosjekta 2014	52
5.3.3 Bruttoinvestering, finansiering, renter og avdrag for dei einskilte prosjekta 2015	54
5.3.4 Bruttoinvestering, finansiering, renter og avdrag for dei einskilte prosjekta 2016	57
6 Helse, miljø og sikkerheit.....	60
7 Sektor	62
7.1 Politisk styring og kontroll	62
7.2 Sektor for sentraladministrasjon.....	63
7.3 Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling.....	73
7.4 Sektor for kommunalteknisk drift.....	76
7.5 Sektor for oppvekst.....	79
7.6 Sektor for velferd	82
8 Vedlegg.....	86
8.1 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar.....	86

8.1.1	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – Brannvern	86
8.1.2	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – plan, utvikling, byggesak og geodata	86
8.1.3	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – næring, kultur og samfunnsutvikling	92
8.1.4	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – kommunalteknisk drift	94
8.1.5	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar - oppvekst	98
8.1.6	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar - velferd	99

1 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL VEDTAK

1.1 Handlingsprogram 2013 – 2016

1. Kommunestyret vedtek handlingsprogram for 2013-2016 med dei retningsgjevande mål og premisser som går fram av handlingsprogramdokumentet
2. Handlingsprogrammet omfattar kommunen sin økonomiplan for perioden 2014-2016 og årsbudsjett for 2013 etter kommunelova

1.2 Årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013 - 2016

Kommunestyret gjer slikt vedtak:

1.2.1 Drift

1. Skatt på inntekt og formue vert utlikna etter dei maksimale inntektsskattesatsar som Stortinget fastset.
2. Handlingsprogrammet gjeld som årsbudsjett for 2013 og økonomiplan for 2014-2016
3. Årsbudsjett/økonomiplan vert vedteke med følgjande driftshovudtal:

BUDSJETTSKJEMA 1A: Finans

(heile tusen)	2 013	2 014	2 015	2 016
Skatt på inntekt og formue	-112 059	-112 059	-112 059	-112 059
Ordinært rammetilskot	-122 308	-122 308	-122 308	-122 308
Andre generelle statstilskot	-8 837	-8 717	-8 582	-8 589
Renteinntekter og utbytte	-3 509	-3 509	-3 509	-3 509
Renteutgifter	11 700	10 500	11 500	13 000
Avdrag på lån	11 500	12 000	12 500	12 500
Til dekning av tidlegare års meirforbruk	7 582	7 582	0	0
Til ubundne avsetningar (disposisjonsfond)	225	1 002	1 259	10
Bruk av bundne avsetningar	-164	-164	-164	-164
Overført til investeringsregnskapet	800	500	500	500
Sum til fordeling drift.	-211 576	-211 679	-217 369	-217 124
Saldert budsjett	0	0	0	0

4. Årsbudsjett/økonomiplan vert vedteke med følgjande nettoutgifter på dei enkelte rammeområde:

BUDSJETTSKJEMA 1B: Netto budsjetttramme pr. resultateining / avdeling:

Resultateining /Avdelingar	2 013	2 014	2 015	2 016
SENTRALADMINISTRASJON				
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 831	2 601	2 831	2 601
RÅDMANN OG KOMMUNALSJEFAR	1 892	1 892	1 892	1 892
ØKONOMI OG FINANS	-216 689	-216 527	-222 217	-221 972
PERSONALAVDELING	1 862	1 862	1 862	1 862
PLAN OG UTVIKLINGSAVDELING	3 741	3 741	3 741	3 741
SERVICETORGET	4 284	4 284	4 284	4 284
IKT-AVDELING	0	0	0	0
NAV-KOMMUNE	11 793	11 793	11 793	11 793
BRANNVERN	2 734	2 734	2 734	2 734
Sum sentraladministrasjon	-187 551	-187 619	-193 079	-193 064
OPPVEKST				
OPPVEKSTKONTOR	22 591	22 441	22 591	22 591
BIGSET SKULE	8 490	8 490	8 490	8 490
HAREID SKULE	17 364	17 364	17 364	17 364
HJØRUNGAVÅG SKULE	7 053	7 053	7 053	7 053
HAREID UNGDOMSKULE	19 032	19 032	19 032	19 032
BIGSET BARNEHAGE	5 691	5 691	5 891	5 891
HAREID BARNEHAGE	3 354	3 354	3 354	3 354
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	6 438	6 438	7 638	7 638
Sum oppvekst	90 014	89 864	91 414	91 414
VELFERD				
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	13 182	13 182	13 347	13 347
VELFERDSKONTOR	3 456	3 456	7 356	7 356
SJUKEHEIM LANGTID	9 357	9 357	9 357	9 357
SKUKEHEIM KORTTID	16 120	16 120	16 120	16 120
KJØKKEN	5 655	5 655	5 655	5 655
HEIMETENESTE EINING 1	11 983	11 993	11 233	11 233
HEIMETENESTE EINING 2	4 490	4 495	4 495	4 495
BU- OG HABILITETSAVDELINGA	12 551	12 561	12 561	12 561
Sum velferd	76 795	76 820	80 125	80 125
NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING				
KULTURKONTOR	798	798	798	798
BIBLIOTEK	1 100	1 100	1 100	1 100
KULTURTILTAK	1 678	1 678	1 678	1 678
NÆRINGSTILTAK	81	81	81	81
HAREID MUSIK- OG KULTURSKULE	1 701	1 819	1 819	1 819
RESSURSENTER	3 760	3 760	3 760	3 760
TRUSAMFUNN	3 045	3 120	3 725	3 710
Sum næring, kultur og samfunnsutvikling	12 164	12 357	12 962	12 947
KOMMUNALTEKNIKK OG BYGG				
KOMMUNAL TEKNIKK	4 067	4 067	4 067	4 067
SJØLVKOSTOMRÅDE	-112	-112	-112	-112
BYGG	4 622	4 622	4 622	4 622
Sum kommunalteknikk og bygg	8 578	8 578	8 578	8 578

5. Følgjande endringar i høve til driftsoversikta i saksutgreiinga vert vedtekne:

Handlingsprogram for 2010-2013				
	2012	2013	2014	2015

6. Budsjettrammene for 2013 er bindande for rammeområda (sektornivå) og må ikkje overskridast utan at det skjer etter samtykkje frå kommunestyret eller etter fullmakter gjeve i økonomireglementet. Rådmannen får mynde til å omdisponere løyvingane på resultateiningsnivå innanfor den samla løyvinga til den einskilde sektoren.
7. Vidare fordeling av driftsbudsjettet frå rammenivå vert å handtere i samsvar med økonomireglementet.
8. Rådmannen får fullmakt til å ta opp nødvendige likviditetslån innanfor ei kredittramme avgrensa til 25 mill. kroner.

1.2.2 Investering/finansiering**1. Følgjande investeringsramme vert vedteken:**

Investeringsutgifter	2013	2014	2015	2016
Vassforsyning	4 500	1 500	500	500
Kloakk og avløp	4 700	500	500	500
Renovasjon	0	0	0	0
Feiing og kontroll	0	0	0	0
Hamner	0	1 500	0	0
Utleigebustadar	0	0	0	0
Bustadområde	2 200	8 150	9 500	7 100
Industriområde	1 500	2 750	2 500	1 250
Andre sjølvfinansierande prosjekt	2 150	2 100	2 100	2 000
herav startlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum sjølvfinansierande prosjekt	15 050	16 500	15 100	11 350
Utstyr, bilar og maskiner	2 200	800	400	400
Skular og barnehagar	0	0	230	0
Idretts- og kulturanlegg	0	0	1 050	400
Omsorgs- og helsebygningar	1 150	450	200	0
Administrasjonsbygningar	1 300	0	0	0
Vegar og gater	2 116	2 100	1 000	200
Bustadområde	0	0	0	0
Næringsområde	0	0	0	0
Andre prosjekt	4 850	3 950	1 100	1 170
Sum ordinære prosjekt	11 616	7 300	3 980	2 170
Sum investeringsutgifter	26 666	23 800	19 080	13 520

Detaljert oversikt over investeringane går fram av kap. 5.3 i handlingsprogrammet.

2. Investeringsane vert vedtekne finansierte slik:

Finansinntekter	2013	2014	2015	2016
Bruk av lånemidlar	-23 016	-18 700	-9 205	-6 395
herav bruk av unyttta lånemidlar	-7 000	-8 000	0	0
Tilskot og refusjonar	-450	-500	-625	-125
Salsinntekter fast eigedom og anleggsmidlar	-2 700	-4 100	-8 750	-6 500
Bruk av avsetningar (fond)	0	0	0	0
Overføring frå driftsrekneskapen	-500	-500	-500	-500
Anna finansiering	0	0	0	0
Sum inntekter	-26 666	-23 800	-19 080	-13 520

Detaljert oversikt over låneopptak går fram av kap. 5.1 i handlingsprogrammet.

- 3. Dei avdragstider som går fram av kap. 5.1 i handlingsplanen vert vedtekne.**
- 4. Investeringsane skal ikkje settast i gang før lånetilsagn og eventuelle tilsagn om investeringstilskot ligg føre. Finansiering ved sal av kapitalvarer skal også vere gjennomført før igangsetting.**
- 5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak, herunder godkjenne lånevilkår og skrive under lånedokument, innanfor dei rammer som er gjeve.**

1.3 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar

Med mindre anna er sagt særskilt gjeld følgjande:

- Satsane er i kroner
- Satsane gjeld frå 1.1.2013
- Meirverdiavgift kjem i tillegg
- For sjølvfinansierande område skal ev. overskot plasserast på tilhøyrande fond

Feiing og tilsyn

Lovheimel:

Lov nr. 20 av 14. juni 2002 om brann- og eksplosjonsvern, § 28.

I samsvar med deflatoren i forslag til statsbudsjett legg vi fram forslag om å auke feiegebyret med 3,3 %:

Feiegebyra vert då

Betalingssatsar	
Vanleg bustadhus, industri, skule, forsamlingslokale o.l. med feiing kvart 2. år og tilsyn kvart 4. år	kr. 295,-
Tillegg for ekstra pipe/pipeløp.	kr. 56,-

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 28 i Lov om brann- og eksplosjonsvern følgjande gebyrsatsar for 2013:

Vanleg bustadhus, industri, skular, forsamlingslokale o.l. med feiing kvart 2. år og tilsyn kvart 4. år betalar ei avgift på kr. 295,- pr. år. Tillegg for ekstra pipe/pipeløp kr. 56,- pr. år.

Alle prisar skal tilleggast mva.

Dei nye gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 1.1.2013.

Eventuelt overskot skal plasserast på fond for feiing.

Sakshandsaming etter matrikkellova

Lovheimel:

Lov nr. 101 av 17. juni 2005 om eigedsregistrering (matrikkellova) § 21, med tilhøyrande forskrift nr. 864 av 26. juni 2009. § 16

Alle satsane er oppjusterte med 3,3 %, med unntak av § 5.10.

Gebysatsar for arbeid etter Matrikkellova

(§ 5 i gebyrforskrift Vedteken av Hareid kommunestyre:

Gjeldande frå 01.01.2013 dato: 09.11.12

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lovens § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som følgjer:

Kostnader som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med den enkelte oppmålingsforretninga og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar som til dømes tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem i tillegg til satsane under.

Gebysatsar for arbeid etter Matrikkellova

(§ 5 i gebyrforskrift vedteken av Hareid kommunestyre - satsar gjeldande frå 01.01.2013

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i matrikkellova (lovens § 32, forskriftene § 16) gebysatsar som opplista i § 5.1 - § 5.10

Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje tilleggast meirverdiavgift.

§5.1 Oppretting av matrikkeleining

§5.1.1 Oppretting av matrikkeleining og festegrunn

Areal frå 0 – 2000 m²:	kr	12609,-
Areal frå 2001 -20 000m² – auke pr. påbegynt da:	kr	549,-
Areal over 20 001m² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000 m²		

§5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn av uteareal på eigarseksjon

Areal frå 0 – 2000 m²:	kr	4386,-
Areal frå 2001 -20 000m² – auke pr. påbegynt da:	kr	549,-
Areal over 20 001m² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m²		

§5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1eigarseksjon:	kr	8771,-
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr. seksjon:	kr	2742,-

§5.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr vert fastsett etter medgått tid:	Timepris	kr	549,-
	Minstegebyr	kr	12609,-

§5.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid:	Timepris	kr	549,-
Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten			

§5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn.

For areal inntil 2000 m²:	kr	10416,-
For areal over 2000 m² same gebyr som pkt. § 5.1.1		

§5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Satsar etter §§5.1.1, 5.1.2, 5.1.4 og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning på:

kr 3838,-

§5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsane sett til 1/3 etter § 5.1 og § 5.2

§5.3 Grensejustering

§5.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²).

Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0 – 500 m²: kr 6031,-

§5.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m³

Volum frå 0 – 1000 m³: kr 6031,-

§5.4 Arealoverføring

§5.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Areal frå 0 – 2000 m²: kr 12609,-

Areal frå 2001 - auke pr. påbegynt da: kr 549,-

§5.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 2000 m³: kr 12609,-

Volum frå 2001 - auke pr. påbegynt 1000 m³: kr 549,-

§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt: kr 1645,-

For overskytande grensepunkt, pr. punkt: kr 549,-

§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettigheter

For inntil 2 punkter: kr 5482,-

For overskytande grensepunkt, pr. punkt: kr 1096,-

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.

Timepris kr 549,-

Dersom alle grensene kring eigedommen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter § 5.1

§5.7. Privat grenseavtale

Gebyr vert fastsett etter medgått tid: Timepris kr 549,-

§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid

Gebyr for tekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal utreknast etter brukt tid:

Timeprisen	kr	549,-
		+ mva
Ved markarbeid vert lagt til bruk av oppmålingsutstyr:	kr	43,-
		pr. time.

Meirverdiavgift skal eventuelt leggst til etter gjeldande reglar.

§5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret

§5.10 Utferde matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider:	kr	189,-
Matrikkelbrev over 10 sider:	kr	379,-
Endring i maksimalsatsas vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.		

Etter Statens Kartverk sin indeks for kart- og oppmålingsarbeid 4. kvartal, er stigning i indeksen mellom desember 2012 og desember 2011 på 4,04 %.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i matrikkellova (lovens § 32, forskriftene § 16) gebyrsatsar som opplista i § 5.1-§5.10. Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje tilleggast meirverdiavgift.

Gebyr etter plan og bygningslova

Lovheimel:

Lov nr. 71 av 27. juni 2008 Plan- og bygningslov, § 33-1 (noverande plan- og bygningslov)

Noverande byggesaksgebyr vedteke av Kommunestyret i møte den 16.12.10 i sak PS 73/10:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova, korrigering av paragrafhenviingane til lova og at bebyggelsesplan er teke ut av gebyrregulativet pga. den nye Plan- og bygningslova.

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova at gebyrsatsane for 2012 vert i samsvar med tabellen "Satsar for sakshandsaming etter PBL" dat. 24.10.11.

Dei nye gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 1.1.2012.

Satsane etter Eigarseksjoneringslova følgjer rettsgebyret i samsvar med vårt gebyrregulativ § 17, jf. eigarseksjoneringslova sin § 7.

Deflatoren i forslag til statsbudsjett er sett til 3,3 %.

Framlegg til nye satsar er lista opp i vedlagt tabell, "Satsar for sakshandsaming etter PBL" dat. 05.11.12.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova korrigering av gebyrregulativet i samsvar med ny organisasjonsplan.

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova at gebyrsatsane for 2013 vert i samsvar med tabellen "Satsar for sakshandsaming etter PBL" dat. 05.11.12.

Dei nye gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 1.1.2013.

Gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2013 dato: 5.11.2012

for handsaming av regulerings-, frådelings- og byggesaker og andre tiltak etter plan og bygningslova, samt tiltak etter eigarseksjoneringslova.

Regulativet er heimla i plan- og bygningslova sin § 33-1 samt eigarseksjoneringslova § 7.

Bygge- og frådelingssaker

Gebyret er oppbygd av to element - eit grunnbeløp, og eit arealgebyr som fangar opp meirarbeidet som følgje av storleiken på bygget/tiltaket. Satsane er lista opp i vedlagt tabell på der tiltak er gruppert etter kva omfang tiltaket har m.m.

§ 1 Gebyret dekkjer

Sakshandsaming av frådelings- og byggesaker, førehandskonferansar, dokumentkontroll, mellombels bruksløyve/ ferdigattestar og tilsyn i byggetida. Det vert i tillegg krevje gebyr for handsaming av føretak og ansvarsrettar, dispensasjon. Faktura skal sendast til tiltakshavar. Andre avtalar kan gjerast med Avdeling for Plan, utvikling, byggesak og geodata.

§ 2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vert kravet tillagt kr. 50,- for kvar purring og påslag av renter, pt.12 % pa.

§ 3 Tidspunkt for fastsetjing av gebyr

Gebyret skal utreknast snarast etter at vedtak er gjort. Dette gjeld søknadar og meldingar av alle slag.

§ 4 Handsaming av frådelings- og byggesøknad under eitt

Der det føreligg søknad om både frådeling og byggeløyve, som omhandlar same formål, kan desse handsamast under eitt. Gebyret skal då utreknast fullt for byggesaka, medan frådelingsgebyret skal halverast. (eventuelt gebyr for dispensasjon kjem i tillegg).

§ 5 Kombinerte bygg

Dersom bygget har fleire funksjonar/føremål, vert gebyret utrekna etter dei einskilde føremåla.

§ 6 Mellombelse bygningar

Ved mellombelse bygg skal det betalast fullt gebyr.

§ 7 Lokal godkjenning av føretak/Ansvarsrett

Ved første gongs lokal godkjenning av føretak, ved vesentlege endringar i føretaket, samt ved omfattande lovendringar, skal det betalast eit gebyr.

Faktura skal sendast føretaket.

For handsaming av ansvarsrettar generelt i byggesaka skal det reknast eitt gebyr pr. byggesak. Dette skal fakturerast tiltakshavar.

Der søknad om lokal godkjenning av føretak kjem inn i etterkant av at byggesøknad er godkjend, skal det reknast eit eige gebyr pr. føretak, som skal dekke den delegerte handsaminga dette medfører. Faktura skal sendast føretaket.

§ 8 Avslag

Byggesaker (gjeld søknader etter §§ 20 og 20-2): For vedtak som medfører avslag skal det betalast berre grunnbeløp for tiltak opp til 200 m2. Bygg over 200 m2 skal i tillegg betale eit arealgebyr i tillegg. Der det ligg føre dispensasjonssøknad som krev handsaming i hovudutvalet, skal dette fakturerast i tillegg etter ordinære satsar.

Frådelingssaker: For vedtak som medfører avslag skal det betalast fullt gebyr.

Dispensasjon frå arealplan, plan- og bygningslov og vedtekt

§ 9 Søknad om dispensasjon

For søknad om dispensasjon betalast eit gebyr tilsvarande grunngebyr for framlegg til reguleringsplan.

For søknader som er å vurdere som kurante og mindre omfattande som til dømes plassering av bygg utanfor byggelinje, overskriding av utnyttingsgrad, justering av tomtegrense og vert handsama saman med bygge- og frådelingssøknad, skal det betalast eit gebyr tilsvarande grunnbeløp for bygge- og frådelingssaker. Gebyret kjem i tillegg til gebyr for bygge-/frådelingssak.

Private reguleringsframlegg

§ 10 Følgjande søknader kan ein krevje handsamingsgebyr for:

Privat forslag til reguleringsplan eller vesentleg endring av slik plan.

(Jf. Pbl. § 12-11, § 12-14.)

Privat forslag til mindre vesentleg endring av reguleringsplan (inkl. endring av reguleringsføresegnene). (Jf. Pbl § 12-14, 2. ledd)

Søknad om dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan.

§ 11. Storleiken på gebyra:

1. Reguleringsplan/vesentleg endring av reguleringsplan.

For alle forslag skal det betalast eit grunngebyr.

Avhengig av storleiken på arealet skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Følgjande reguleringsformål vert unnateke berekning av gebyr:

Friområde fråtrekt areal for bebyggelse, køyring og parkering.

Spesialområde for bevaring, friluftsområde, naturvernområde eller grav- og urnelundar.

Mindre vesentleg endring av reguleringsplan (inkl. endringar av reguleringsføresegnene).

For alle forslag skal det betalast eit fast grunngebyr.

§ 12 Særskilde bestemmelsar:

Vert heile eller deler av eit planforslag forkasta ved politisk handsaming, kan teknisk sjef refundere inntil 50 % av den opphavlege storleik av gebyret.

Områdeleiar for Byggesak/Geodata/Brann kan vurdere avkorting, eventuelt fråfall av gebyr for søknader som er grunna i ideelle motiver eller er av allmennyttig karakter.

§ 13 Betalingsvedtekter.

Gebyret vert berekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunkt når planframlegget vert registrert.

Saka vert ikkje handsama i planutvalet før gebyr er innbetalt.

Dersom forslag som skal handsamast politisk etter offentlig ettersyn vert trekt frå vidare handsaming etter utlegging, vert 20 % av innbetalt gebyr refundert.

Gebyr for handsaming av forslag om mindre vesentleg reguleringsendring skal betalast etter at 1. vedtak er gjort i planutvalet.

Elles gjeld for saker etter PBL

§ 14 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret t.d. vert vurdert som svært urimeleg i høve til dei kostnadar kommunen har hatt med saka, eller urimeleg av andre grunnar, kan avdelingsleiar for Plan, utvikling, byggesak og geodata si avgjerd fastsette gebyr i høve til dette.

§ 15 Klagerett

Avdelingsleiar for Plan, utvikling, byggesak og geodata si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i Forvaltningslova.

§ 16 Regulering av gebyret

Storleiken på gebyr etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Avdelingsleiar for Plan, utvikling, byggesak og geodata skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

Eigarseksjonering

§ 17 For handsaming av søknad om seksjonering / reseksjonering vert gebyr sett til 3 * rettsgebyret med eit tillegg på 2 * rettsgebyret når synfaring er naudsynt i henhold til eigarseksjonslova (ESL) sin § 7.

Dersom uteareal skal seksjonerast på ein slik måte at det etter § 9 i ESL skal utarbeidast målebrev etter reglane i delingslova, kjem gebyr for arbeid etter delingslova i tillegg.

Satsar for sakshandsaming etter plan- og bygningslova

Dato: 5.11.2012

Betalingssatsar	Grunn beløp	Gebyr pr. m2 BRA	Gebyr pr. m2 0 - 200	Gebyr pr. m2 > 200
Bustad- og fritidsbygg ei brukseining, (inkl. garasje, etc.)	kr 2 133	kr 30,17		
Bustad- og fritidsbygg Rekke, kjede, atrium-, horisontaldelt, o.l.	kr 2 133	kr 33,42		
Bustad- og fritidsbygg Tilbygg/påbygg	kr 2 133	kr 36,66		
Bustad- og fritidsbygg Ombygging(endra bruksareal), bruksendring	kr 2 133	kr 6,82		
Bustad- og fritidsbygg Fasadeendring, skifte av vindauger, tak og liknande	kr 2 133			
Andre bygg § 30-1 Nybygg	kr 2 133		kr 66,48	kr 16,86
Andre bygg § 20-1 Til og påbygg	kr 2 133		kr 33,42	kr 13,28
Andre bygg § 20-1 Omb/bruksendr	kr 2 133		kr 20,11	kr 13,28
Tiltak utan ansvarsrett (også landbruk) Nybygg § 20-2	kr 2 133	kr 13,28		
Tiltak utan ansvarsrett. Til/påbygg og bruksendringar § 20-2	kr 2 133		kr 16,86	kr 3,57
Mellombelse bygningar – fullt gebyr tilsvarande andre bygg § 20-1	kr 2 133		kr 66,48	kr 16,86
Rev. Teikningar/tillegg/endringar, fornya byggeløyve	kr 2 133		kr 3,57	kr 6,82
Riving av bygg og anlegg Bygg < 100 m2	kr 2 133			
Riving av bygg og anlegg Bygg > 100 m2	kr 2 133	kr 3,57		
Heis, tekn.innstill., skilt, støttemurar, master, Piper/fyringsanlegg	kr 664			
Utandørsanlegg / Anlegg (av ein viss storleik)	kr 2 993			
Anlegg i strandsona Hamner/fiskerianlegg, nyanlegg, molo, kai, flytebrygge	kr 2 993			
Anlegg i strandsona. Søknad om justering, fornying av løyve	kr 2 133			
Andre søknadspliktige tiltak etter § 20-1 (kan vere mindre bygg, div. anlegg m.m.)	kr 2 133	kr 33,42		
Utplassering av bygg/anlegg	kr 3 989			kr 6,82
Kontroll av utstikking	kr 1 830			kr 3,57
Søknad om godkj. Av foretak Har ikkje sentral godkj.1. gongs gebyr	kr 2 660			
Ansvarsrettar	kr 1 329			
Sakshandsaming av lokal godkjenning, i etterkant av godkj. byggemeld.	kr 664			
Søknad om igangsettingsløyve eit gebyr pr. søknad	kr 2 162			
Søknad om dispensasjon (kurant)	kr 2 133			
Søknad om dispensasjon	kr 6 399			
Avslag på søknad § 20-1	kr 2 133			kr 2,16
Søknad om frådeling/grensejustering	kr 2 133			
Gebyrregulativ for reguleringsaker	Grunn beløp		Gebyr pr. daa 0 - 10	Gebyr pr. daa > 10
Forslag til reguleringsplan/vesentleg endring av plan	kr 6 613		kr 1 333	kr 661
Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring	kr 3 946			

Hareid kommunestyre vedtek slike satsar for utleige av kulturbygg/-anlegg:

Gjeldande for 1. januar 2013 – 31. desember 2013

Leigesatsane gjeld for utleige til frivillige lag/organisasjonar som har inntektsgivande arrangement. Satsane er auka med 10 % i høve 2012.

HAREIDHALLEN			
		Leigetakarar frå Hareid:	Frå andre kommunar:
1/1 hall med 2 garderober og dusj	pr. time	kr 360,-	kr. 480,-
1/1 hall utan garderober	pr. time	kr 210,-	kr 250,-
2/3 hall med 2 garderober og dusj	pr. time	kr 250,-	kr 340,-
2/3 hall utan garderober	pr. time	kr 150,-	kr 210,-
1/3 hall med 1 garderobe og dusj	pr. time	kr 200,-	kr 240,-
1/3 hall utan garderobe	pr. time	kr 120,-	kr 140,-
1 garderobe med dusj	pr. time	kr 120,-	kr 190,-
Døgnleige (meir enn 9 timar)			
A. 1/1 hall med to garderober og dusj		kr 3.330,-	kr 4.360,-
1/1 hall utan garderober og dusj		kr 1.690,-	kr 2.420,-
B. 2/3 hall med 2 garderober og dusj		kr 2.420,-	kr 3.150,-
2/3 hall utan garderober og dusj		kr 1.210,-	kr 1.690,-
C. 1/3 hall med to garderober og dusj		kr 1.450,-	kr 2.240,-
1/3 hall utan garderobe		kr 850,-	kr 1.150,-
1 garderobe med dusj		kr 910,-	kr 1.210,-
Amfiet pr. gong		kr 1.210,-	
Dersom vaktmeister blir kalla inn av leigetakar utanom vanleg arbeidstid, må leigetakar betale ekstra for dette.			
SYMJEHALLEN			
Leigesatsar			
A.			
Vaksne		kr 80,- pr gong	
Born		kr 30,- pr gong	
Familie		kr 120,-pr gong	
Klippekort med rabatt 10 klipp		kr 240,-	
B.			
Symjehall med garderobe og dusj		kr 360,- pr time	
Symjehall med to garderober og dusj		kr 396,- pr time	
Badstove		kr 150,- pr time	
UNGDOMSKAFEEN			
Leigesats			
Utleige		kr 610,- pr gong	
HAREID KUNSTGRASBANE			
Treningstid 1,5 time		Leigetakarar frå	Frå andre

	Hareid:	kommunar:
½ bane (60-64m)	Kr. 120,-	Kr. 1.210,-
11'ar bane (64x105m)	Kr. 190,-	Kr. 1.870,-
Kamp 2,5 time		
½ bane	Kr. 240,-	Kr. 1.540,-
Heil bane	Kr. 330,-	Kr. 2.420,-
HAREID STADION		
	Leigetakarar frå Hareid	Leigetakarar frå andre kommunar
Grasbana		
Treningstid 1,5 time	Kr. 220,-	Kr. 1.320,-
Kamp 2,5 time	Kr. 390,-	Kr. 2.420,-
Friidrettsanlegget		
Stemne pr dag	Kr. 280,-	Kr. 2.420,-
Grusbana, utleige til anna aktivitet enn idrett	Kr. 2.200,-	Kr. 6.050,-
Hareid Musikk- og Kulturskule		
Auke i avgifta på 8 % i høve 2012	Elevavgift	
	2.810,-	

Avløp

Lovheimel:

Del 4, kap. 11 i Forureiningsforskriften, kommunale vann og avløpsgebyrer,
FOR 2004-06-01-931

Forskrift om vatn- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03

Gebyrregulativ VA for Hareid kommune, 18.12.02

Saksopplysningar:

Storleiken på avløpsgebyra skal fastsetjast årleg av kommunestyret.

Kommunestyret vedtok i sak 75/05-K at kommunen skal krevje inn gebyr for avløp utifrå
sjølvkostprinsippet, slik at underskot innanfor sektoren kan framførast mot seinare overskot.

Hareid kommune har eit todelt årsgebyr for avløp. Den faste delen som er kalla
"Abonnementsgebyr" skal reflektere kommunen sine faste kostnader som i hovudsak er knyta til
investeringar i leidningsnett og øvrige anlegg.

Den variable delen som er kalla "Forbruksgebyr" skal reflektere kommunen sine variable kostnader
som i hovudsak er knyta til utgiftene med å få samle inn og transportere bort forureina avløpsvatn.
Denne delen av kostnadane er fordelt på abonnentane etter forbruk, anten stipulert eller målt (etter
vassmålar).

Det er i budsjettet lagt opp til at avløpssektoren skal vere sjølvfinansierende.

Kommunestyret har den 23.05.07, sak 36/2007 godkjent hovudplan for avløp for Hareid kommune
som legg opp til ein omfattande renovering av avløpsnettet. Med dei nye endringane i avløpsdelen
i Forureiningsforskrifta, der prinsipielle minstekrav er relativt klart definert, vil mål og ambisjonsnivå
måtte bli knytt opp mot oppdatering/opprydding i eksisterande utsleppsløyve som ikkje tilfredsstiller
dei nye minstekrava.

Vedteken Handlingsplan for avløp har eit omfattande investeringsprogram frå 2007 til 2018.

Inntektene har auka som følge av eit omfattande utbygging- og rehabiliteringsprogram som har gitt
fleire abonnentar og lavare driftskostnader. Store fondsavsetningar gir grunnlag for å ikkje auke
avgiftene i 2013.

Det er heller ikkje lagt opp til auke i tilknytingsavgifta som er kr. 5000,-

Avløp

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03 følgjande gebyrsatsar for avløp:

Forslag til avløpsgebyr 2013 (Gebyrregulativet pkt. 5):

Alle beløp i kroner. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Tilknytingsgebyr		
Eingongsgebyr for tilknytning pr. abonnent	Gebyr	
Årsgebyr		5 000
Abonnementsgebyr (fast årleg gebyr)	abonnementsgebyr + forbruksgebyr pr. abonnent	
Næring		658
Bustad		658
Forbruksgebyr (variabelt årleg gebyr)		
Einingspris for avløp pr m3		
Ved bruk av vassmålår:		8,80
Ved stipulert forbruk: [gj.snitt. bruksareal BRA]*spesifikt forbruk*einingspris* J faktor		
Abonnentane vert plassert i aktuell gruppe etter Br. Areal der følgjande forbruksgebyr er utrekna:		
Gruppe 1	< 150 m2	1 061
Gruppe 2	150 - 299 m2	2 229
Gruppe 3	> 300 m2	2 929
Hytteabonnentar	0,5 x stipulert forbruksgebyr	

Gebyr for renovasjon

Lovheimel:

Forureiningslova, LOV 1981-03-13-6

Renovasjonsforskrift for Hareid kommune, vedteke 28.03.07

Føresegner for tøming av slamavskiljarar, tette oppsamlingstankar for avløpsvatn m.v for Hareid kommune av dato 24.06.99

Saksopplysningar:

Etter forureiningslova § 30 har kommunen plikt til å sørgje for innsamling av hushaldningsavfall.

For renovasjonstenesta er det krav om full kostnadsdekning jf. forureiningslova § 34. For berekning av gebyr gjeld difor sjølvkostprinsippet, dvs. at kommunen ikkje kan subsidiere avfallsordninga, og kan heller ikkje tene på ordninga.

Det er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) som har ansvar for innsamling av hushaldningsavfall i kommunen."

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i forureiningslova § 34 slike renovasjonsgebyr:

(Alle prisar er ekskl. mva., men i prislista som skal endeleg presenterast for abonnentane vil også prisen inkl. mva. kome med. Prisen er inkl. hageavfallgebyret.)

STANDARDABONNEMENT

Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annankvar veke	kr 3.078,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Standardabonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.078,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar Henting kvar fjerde veke	kr 2.678,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

STORHUSHALD

Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Storhushald 240 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 36 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.378,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

HEIMEKOMPOSTERING

Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Heimekompostering	Kr. 500,- i reduksjon på Renovasjonsgebyr uavhengig av type abonnement. (Max to husstandar pr. kompostbinge)	Ny ordning

ABONNEMENTSDELING

Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l grøn – 240 l blå 2 husstandar, pris pr. husstand 3 husstandar, pris pr. husstand 4 husstandar, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.678,- kr 2.678,- kr 2.678,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Abonnementsdeling 660 l grøn – 660 l blå 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand Henting annankvar veke	kr 2.678,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Tillegg for større dunk 240 l	kr 300,- pr. år pr. dunk	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Tillegg for større dunk 370 l	kr 500,- pr. år pr. dunk	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Tillegg for større dunk 660 l	kr 825,- pr. år pr. dunk	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

FRITIDSABONNEMENT

Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Fritidsabonnement, dunk (ca. ¼ av standardprisen)	kr 762,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Fritidsabonnement, sekk (12 sekkar)	kr 762,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

TILLEGGSTENESTER		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement	kr 200,- pr. gong når SSR skifta ut dunken hos abonnenten – gratis ved å levere/hente sjølv hos SSR (husk å avtale dette på førehand)	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Gebyr for ekstrasenting	kr 200,- pr. gong	Uendra pris i forhold til 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Avstandsgebyr *		
Inntil 100 meter	kr 500,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Inntil 500 meter	kr 1.000,-	
Over 500 meter	Vurderingspris	

* Avstandsgebyr for henting/tøming utanfor vanlege køyreruter – gjeld avstand frå køyreveg (som t.d. kommunevegar o.l.), og kjem i tillegg til fastgebyret. Ved avstandar over 500 meter frå køyreveg er det vurderingspris i kvart enkelt tilfelle, avhengig av vegstandard, veglengde, etc. Jf. elles forskrift for SSR, § 10, 6. avsnitt.

TILLEGG		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Pris pr. sekk	kr 50,-	30 % reduksjon i forhold til 2012.
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 800,- pr. gong	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

ANDRE SATSAR		
Levering til lokalmottak:	kr 1.990,- pr. tonn	Kr 1947 i 2012. 2,2 % prisauke.
Minstesum ved levering til lokalmottak:	kr 52,-	Kr. 50,- i 2012, 4 % prisauke. (inkl. mva= 65,-)
Volumgebyr inntil 0,2 m3:	kr 115,-	kr 113,30,- i 2012. 1,2 % prisauke.
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 425,- pr m3	Kr 422,30,- i 2012. 0,6 % prisauke.
Dekk på felg:	kr 115,-	kr 113,30,- i 2012. 1,2 % prisauke.
Dekk utan felg:	Gratis innlevering på miljøstasjonen i Saunesmarka	

Vassforsyning

Lovheimel:

Del 4, kap. 11 i Forurensningsforskriften, kommunale vann og avløpsgebyrer, FOR 2004-06-01-931

Forskrift om vatn- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03

Gebyrregulativ for vatn og avløp for Hareid kommune, 18.12.02

Saksopplysningar:

Storleiken på vassgebyra skal fastsetjast årleg av kommunestyret.

Kommunestyret vedtok i sak 75/05-K at kommunen skal krevje inn gebyr for vatn utifrå sjølvkostprinsippet, slik at underskot innanfor sektoren kan framførast mot seinare overskot.

Hareid kommune har eit todelt årsgebyr for vatn. Den faste delen som er kalla

"Abonnementsgebyr" skal reflektere kommunen sine faste kostnader som i hovudsak er knyta til investeringar i leidningsnett og øvrige anlegg. Den variable delen som er kalla "Forbruksgebyr" skal

reflektere kommunen sine variable kostnader som i hovudsak er knyta til drift av vassbehandlingsanlegget og vedlikehald av leidningsnett. Denne delen av kostnadane er fordelt på abonnentane etter forbruk, anten stipulert eller målt (etter vassmål). Det er i budsjettet lagt opp til at vassforsyninga skal vere sjølvfinansierende.

Rehabilitering av leidningsnett ved utskifting av gamle asbestcimentrør har gitt positiv effekt ved langt færre leidningsbrot og lavare driftskostnader. I tillegg har vi fått mange nye abonnentar. Til saman har dette gitt svært positive driftsresultat der delar av overskotet frå fond kan tilbakeførast til abonnentane i form av lavare avgift.

Årsgebyret er redusert med ca. 10 %. Einingsprisen er redusert med ca.10 % til kr.11,82 /m3. Det er ikkje lagt opp til endring i tilknytingsavgifta som er kr. 5000,-
Årleg vassmålarleige er redusert med ca. 10 %.

Vassforsyning

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03, følgjande gebyrsatsar for vatn:

Forslag til vassgebyr 2013 (Gebyrregulativet pkt. 5):

Alle beløp i kroner. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

		Gebyr
Tilknytingsgebyr		
Eingongsgebyr for tilknytning pr. abonnent (Abb.gebyr + forbr.gebyr)		5 000
pr. abonnent		
Abonnementsgebyr (fast årleg gebyr)		
Næring		2 712
Bustad		2 712
Forbruksgebyr (variabelt årleg gebyr)		
Einingspris for vatn pr m3		11,82
Ved bruk av vassmål: Einingspris * forbruk		
Ved stipulert forbruk: [gj.snitt bruksareal BRA]*spesifikt forbruk*einingspris* J faktor		
Abonentane vert plassert i aktuell gruppe etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna:		
Gruppe 1	< 150 m2	1 245
Gruppe 2	150 - 299 m2	2 615
Gruppe 3	> 300 m2	3 440
Hytteabonnentar		0,5 x stipulert forbruksgebyr
Årleg vassmålarleige		
Tilknytningsdimensjon: T.o.m. 3/4"		194
Tilknytningsdimensjon: 1 "		232
Tilknytningsdimensjon: 1 1/2 "		358

Betalingssats for barnehage.

Regjeringa har gjort framlegg om å føre vidare gjeldande sats for foreldrebetaling, same kronesats som i 2012. Betalingssatsane vert difor ikkje endra.
Søskenmoderasjon i barnehage vert som i 2012, 40 % for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. og fleire.

Foreldrebetaling barnehage 2013			
Tilbod	Sats	Sats med 40 % rabatt	Sats med 50 % rabatt
5 dg. pr. veke 100 %	2.330	1.398	1.165
4 dg. pr. veke 80 %	2.030	1.218	1.015
3 dg. pr. veke 60 %	1.630	978	815
3 dg /2 dg pr. veke 50 %	1.480	888	740
2 dg. pr. veke 40 %	1.330	798	665

Matpengane vert justert med 3,3 % til fylgjande satsar i 2013.

Matpengar 2013. (kjem i tillegg til den ordinære foreldrebetalinga)

5 dg. pr. veke 100 %	147
4 dg. pr. veke 80 %	124
3 dg. pr. veke 60 %	90
3 dg/2 dg pr. veke 50 %	73
2 dg. pr. veke 40 %	63

Satsar for betaling utover tildelt opphaldstid 2013:

<u>Før kl. 17.00 (ordinær stengetid)</u>	Inntil 3 timar:	4 timar og meir:
Pris pr. einskildtime utover standard tilbod ved faste avtalar:	kr. 60,- pr. time	kr. 230.-

<u>Etter kl. 17.00 (ordinær stengetid)</u>	Pris pr. einskildtime utover standard tilbod ved tilfeldig overtid:	Pr. påbegynt time: kr. 165,-
--	---	---------------------------------

Betalingssatsar for skulefritidsordning

Satsane er regulert med 3,3 %.

Søskenmoderasjon i SFO: 40 % for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. og fleire.

Prisen for opphald i SFO inkluderer betaling for frukt/ mjølk.

Matpengar kr 135,- på begge tilbod.

Tilbod	Sats	Sats med 40 % rabatt	Sats med 50 % rabatt
25 t/v opphaldstid	2715	1630	1360
15 t/v opphaldstid	2035	1220	1015
Einskildtimar (utover avtala opphaldstid)	60		
Ferietilbod – timesats kr 40 (inkl. mat)			

Leigesatsar for skulebygg

Leigesatsane er justerte med i gjennomsnitt 10 % i høve til 2012-nivået.

Alle satsar i kroner

SKULANE	Frivillege m/inntektsgivande arrangement	Næringsliv
A Klasserom, spesialrom pr. gong/dag	190	1100
Aula, lesesal, musikkrom pr. gong/dag	550	3300
Lesesal pr. gong/dag	250	2200
Aula gang pr. gong/dag	190	2200
B Ein gymsal utan garderobe og dusj pr. gong/time	120	1100
Ein gymsal med garderobe og dusj pr. gong/time	180	1650
Ein gymsal med to garderobar og dusj pr. gong/time	210	2200

Betalingssatsar for heimehjelp

Inntil 2G gjeld betalingssatsen i tabellen uavhengig kor mange timar den enkelte brukar har fått tildelt.

Over 2 G er betalingssatsen kr 225,- pr. time inntil ein når satsane i tabellen. Tildelte timar utover satsane i tabellen skal ikkje brukaren betale for.

Betalingssatsar	2012	Framlegg 2013	
Inntil 2 G pr. månad – uavhengig av tildelte timar	Kr 170,-	Kr 175,-	Sentral forskrift

Over 2 G pr. måned og time	Kr 220,-	Kr 225,-	Timepris
2-3 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 880,-	Kr 890,-	Inntil 5 timar
3-4 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 1220,-	Kr 1250,-	Inntil 7 timar
4-5 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 1500,-	Kr 1550,-	
Over 5 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 1850,-	Kr 1890,-	Inntil 8 timar

Betalingssatsar for mat frå institusjonskjøkken

Betalingssatsar	Betalingssatsar 2012	Betalingssatsar 2013
Full kost pr. måned i spisesal	Kr 2700,-	Kr 2800,-
Frukost	Kr 35,-	Kr 35,-
Kveldsmat	Kr 35,-	Kr 35,-
Middag/middagsombering/sal av middag i spisesal	Kr 70,-	Kr 75,-

Andre betalingssatsar

Betalingssatsar	Betalingssatsar 2012	Betalingssatsar 2013
Tryggleiksalarm pr. måned	Kr 230,-	Kr 250,-
Korttidsopphald pr. døgn	Kr 133,-	Kr 137,- Sentral forskrift
Dagopphald	Kr 70,-	Kr 72,-Sentral forskrift
Nattopphald	Kr 70,-	Kr 72,-Sentral forskrift

Satsar for korttidsopphald og dag-/ natt-opphald er fastsett gjennom sentral forskrift. Det same gjeld brukarbetaling for heimehjelp inntil 2 G.

Kommunestyret i Hareid vedtek at sektor for velferd til ei kvar tid skal ta betaling etter maksimalsatsane for korttidsopphald og dagplass/nattplass fastsett gjennom sentral forskrift. Dette inneber at satsane kan endrast utan nytt vedtak i kommunestyret dersom satsane vert auka i inneverande budsjettperiode.

Vederlag for institusjonsopphald

Syner til forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon m.v. kan kommunen krevje eigenandel for opphald i institusjon som nemnt i Helse og omsorgstjenestjensteloven § 11 – 2.

Kurdøgnprisen var for 2012 fastsett til kr 1 700,- pr. døgn.

For 2013 vert kurdøgnprisen auka med 3,3 % (Syner til Statsbudsjettet: Kommunal deflator på 3,3 %) og vert fastsett til: **kr 1 756,-**.

Hareid kommunestyre vedtek slike betalingssatsar for omsorgstenester. Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje tillegast mva.

1.4 Diverse

- 1. Godgjerdsle til ordførar for 2013 vert fastsett tilgongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr 1.5 kvart år)**
- 2. Godgjerdsle til varaordførar for 2013 vert fastsett til gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr 1.5 kvart år)**
- 3. Formannskapet får mynde til å disponere inntil kr 100 000,- som reserverte tilleggsøyvingar under ansvar 111.**
- 4. Ordførar får fullmakt til å disponere midlar under reserverte tilleggsøyvingar på ansvar 111 avgrensa til einskildebøp inntil kr 3 000,- innanfor ei ramme på kr 15 000,-.**
- 5. Rådmannen får fullmakt til å garantere for lån avgrensa til kr 10 000,- pr person og innanfor ei samla ramme på kr 50 000,- for 2013, jf. § 5-4 i lov om sosiale tenester.**
- 6. Kommunestyret ber formannskapet i ein dialog med administrasjonen trekke opp retningslinjer for korleis vi skal arbeide vidare med dei økonomiske utfordringane som kjem fram i handlingsprogrammet. Dette bør skje i løpet av vinteren 2013.**

2 INNLEIING

Som kjend er Hareid kommune inne på Robek-lista. Og dette vil vere situasjonen heilt til alt tidlegare akkumulert og eventuelt framtidig underskot på rekneskapen er dekt inn. Pr. 31.12.2011 var det akkumulerte underskotet på meir enn 15 mill. kroner. Situasjonen er såleis utfordrande både for politikarane og dei tilsette i Hareid kommune. Det fins ingen snarveg ut frå dette uføret. Utfordringa er i første rekke å syte for at tenesteproduksjonen i handlingsprogramperioden, og då primært i den perioden då tidlegare års underskot skal dekkast inn, ikkje vert for sterkt skadelidande. Denne oppgåva er så krevjande at ein må rekne med at utviklinga av Hareidsamfunnet vert påverka i negativ retning i denne perioden. Ein kan vanskeleg drive eit godt utviklingsarbeid og dekke inn gammalt driftsunderskot samstundes. Oppgåva vil uansett krevje handlekraftige og framsynte politikarar samt dyktige og motiverte medarbeidarar. I denne perioden vil det vere spesielt viktig med ei framtidsretta og strategisk tilnærming, samt handlekraft til å gjennomføre naudsynte endringar.

Hareid kommune er ikkje i ei særstilling. Utviklinga syner at mange kommunar slit med å få inntektene til å strekke til i høve dei mange oppgåvene som ligg til kommunane. Tal Robek-kommunar speglar denne utviklinga. Men dette er ei mager trøyst. Ansvar for den einskilde kommune sin eksisterande og framtidige situasjon vil alltid ligge lokalt og må løysast lokalt.

Rådmannen leverer også denne gongen eit saldert budsjett i balanse, slik kommunelova krev. Men sidan kommunen har Robek-status er dette ikkje nok. I tillegg er rådmannen forplikta til å legge fram ei sak om "forpliktande plan" til kommunestyret sitt budsjettmøte i desember. Budsjett og forpliktande plan skal vedtakast i same kommunestyremøte og det må vere samanheng mellom dei strategiske vala i forpliktande plan og dei taktiske planane i handlingsprogrammet. Ein forpliktande plan skal vise naudsynte tiltak i høve det å kunne oppnå tilstrekkeleg rekneskapsmessig netto driftsresultat i kommunen. Tiltaka kan vere av både kostnads- og inntektsmessig karakter. Sidan kommunestyret, for ikkje lenge sidan, har sagt nei til å innføre eigedomsskatt, har ein ikkje sett føre seg noko stort potensiale i høve tiltak som kan auke inntektene monaleg. Og sett i lys av dette er det dei kostnadsreduserande tiltaka som handlingsprogrammet må spegle. Sidan kommunen sitt budsjett for ein stor del er knytt til lønskostnader, vil det vere der ein finn det største potensialet i høve innsparingar.

Kommunen sin tenesteproduksjon er i Hareid kommune organisert inn i fire hovudsektorar. Desse er:

- Velferd
- Oppvekst
- Teknisk drift og infrastruktur
- Næring, kultur, og samfunnsutvikling

Det er og ein femte sektor. Sentraladministrasjonen inneheld stab- og støttefunksjonar for dei øvrige sektorane samt det politiske arbeidet og ikkje minst mykje av det forvaltningsmessige ansvaret for kommunen sin aktivitet. Kommunestyret og den interesserte lesar vil vere kjend med dette, eller eventuelt kunne finne supplerande informasjon på kommunen si nettside.

Sektorane har ulikt brukarfokus, men alle er sentrale i høve det å skape eit heilskapleg tilbod til innbyggjarane i Hareid. Og sektorane har og ulike økonomiske utfordringar. Prioriteringar mellom sektorane, i høve målsettingar og løyvingar, er eit politisk ansvar. Det same er ansvaret for at innbyggjarane får dei tenestene som er naudsynt og/eller lovpålagt.

Produktiviteten derimot, innanfor sektorane, er eit administrativt ansvar. Og her kan det ikkje forventast at den einskilde leiar med budsjettansvar, skal kunne levere tenester på eit fagleg og lovmessig forsvarleg nivå, dersom budsjettet ikkje strekk til.

Rådmannen sitt budsjett er saldert i balanse, men strekk, som nemnt, ikkje til for å oppretthalde same nivå på drifta, som i tidlegare budsjettår. Det er difor, i tillegg til at det er påkravd, også viktig

at det vert vedtatt ein forpliktande plan som, med utgangspunkt i det budsjettet som måtte bli vedtatt, set kommunen i stand til å drive i økonomisk balanse. Og i høve situasjonen som ligg føre, ser rådmannen i hovudsak ikkje andre løysingar enn at kommunen må tilpasse tal tilsette i høve det som det endeleg vedtekne budsjettet vil gje rammer for. Særleg sektoren oppvekst kan bli råka av dette, sjølv om rådmannen i dette framlegget har auka realverdien av overføringane til sektoren i høve budsjettet for 2012. Etter rådmannen si oppfatning er det derfor all grunn til å ta kommunen sine tidlegare haldningar til skulestruktur og eigedomsskatt opp til ny vurdering. I samanheng med dette kan det nemnast at ei sak, som kommunestyret har bestilt, i høve skule- og barnehagestruktur vil kome på politikarane sitt bord i 2013. Ein skal sjølv sagt vere varsam med å konkludere på basis av at denne saka ikkje er utgreidd enno, men det bør forventast at ein meir sentralisert struktur på dette området vert vesentleg kostnadssparande. I tillegg vert saka om eigedomsskatt fremja på nytt, med det fyrste.

Det er som nemnt vanskeleg å drive utviklingsarbeid samstundes som ein skal gå til kutt for å få økonomisk balanse i drifta. Desse vanskanne kjem klårt til syne når det skal lagast investeringsbudsjett. Kommunen har ei høg lånegjeld og det skal vere ei målsetting å få redusert denne. Det er likevel eit poeng å skilje mellom sjølvfinansierande lånegjeld, som til dømes startlån og lån knytt til VAR-området, og ordinær lånegjeld, som vert betjent direkte via kommunen sitt driftsbudsjett. I stor grad er det jo den sjølvfinansierande delen av låneporteføljen, som er knytt til det fysiske tilretteleggings- og utviklingsarbeidet, som igjen handlar om busetnad og næringsutvikling. Det er difor eit dilemma om ein skal sette denne delen av utviklingsarbeidet på vent eller om ein skal legge opp til ein viss aktivitet på utviklingsfronten også i den perioden kommunen er på Robek-lista. Dette er ei vanskeleg øving, men med atterhald om at fylkesmannen vil gi oss løyve til det, er det også i det framlagde investeringsbudsjettet tatt høgde for ein viss utviklingsaktivitet på dette området. Men nivået på startlån er redusert. Dette er beklageleg, men etter rådmannen sitt syn, naudsynt. Startlån inngår som eit verkemiddel i ein pakke, som i lag med aktivitet innan bustadutvikling, er med på å legge til rette for vidare auke i folketallet. Responsen på tilbodet om startlån har vore svært god og synleggjort eit behov, som vi heretter vanskeleg kan stette.

Ein syner elles til kapittel 3 i handlingsplanen for det som gjeld inntekter, til kapittel 4 i høve drifta og til kapittel 5 i høve investeringane.

Viktige nye investeringstiltak som ligg i handlingsplanen 2013 - 2016 er (ein viser til kapittel 5 for nærare omtale):

- Sanere asbestleidning Geilane
- Taktekking rådhuset
- Diverse utstyr til brannvern og ny brannstasjon
- Ny prioriteringsrekkefølge i høve ny tankbil og kommandobil til brannvernet. I dette ligg og ei oppgradering til tankbil m/crewcab.
- Diverse investeringar for soknet. Investeringane er knytt til parkeringsplassar og nytt golv i kyrkja

Framlegg til viktige nye investeringstiltak, som ikkje vart prioritert inn i denne handlingsplanperioden (lista er ikkje uttømande / ein viser til kapittel 5 for nærare omtale):

- Avskjerande leidningsnett Grimstad – Geilane
- Gatelys LCD – Brandal
- Kloakkleidning Bjåstad - Røyset

Framlegg til viktige endringar i investeringstiltak, som vert redusert, fjerna, eller skyvd i tid (lista er ikkje uttømande / ein viser til kapittel 5 for nærare omtale):

- Framlegg om at nivået på startlån skal reduserast frå 6 mill. til 2 mill. kroner. Dette er beklageleg sidan det er stor etterspurnad etter startlån og at slike lån kan vere eit viktig verkemiddel i høve etablering av yngre befolkningsgrupper, noko som i neste omgang kan vere positivt for folketalsutviklinga. Redusert.

- Forprosjekt Hareid ungdomsskule. Dette forprosjektet skulle handle om korleis ein kan modernisere / vidareutvikle areala på ungdomsskulen. Fjerna.
- Hareidhallen – ny garderobe. Skyvd i tid.
- Reduksjon av investeringsmidlar til fast dekke. Redusert.
- Utvikling Hareid Hamn – nordre del. Skyvd i tid til etter 2016.
- Enøk – tiltak. Fjerna.
- Utelager Hjellevbakken. Skyvd i tid.
- Hareid sentrum-miljøgate. Noko redusert, men framskyvd i tid.
- Fortsatt satsing på vedlikehald og utbygging av datamaskin-infrastruktur ved Hareid skule er satt delvis på vent i 2013 grunna budsjettsituasjonen. Ein ser føre seg at ein tar opp att investeringsprogrammet i dei komande åra i handlingsprogramperioden. Redusert.
- Tilrettelegging av industriområde Myrane for utvikling av næringsareal. Fordelt over fleire år. Skyvd i tid.

3 KOMMUNEN SINE RAMMEVILKÅR

3.1 Folketalsutvikling

3.1.1 Utvikling i befolkninga siste 10 år.

Utviklinga i folketalet og samansetjinga av denne er eit av dei viktigaste faktorane ved utforming av utviklingstiltak for kommunen generelt og dei kommunale tenestene spesielt.

Tabellen nedanfor viser folketalsutviklinga i Hareid for perioden pr. 01.01. 2000 til 2011. Folketalet i Hareid gjekk jamt opp fram til 2002, for så å gå nedover med heile 143 personar fram til og med 2005. Sterk og aukande vekst frå 2007, og rundar 5000 pr. 01.01.2012!

Hovudtendensen er at den yrkesaktive gruppa 20 – 66 år hadde sterk auke i 2007 og utover.

Barnetrinnet i grunnskulen har synkende tendens, medan ungdomstrinnet er relativt stabilt, og i dag på nivå med 207 og 2008.. Aldersgruppa eldre har generelt ein aukande tendens.

HAREID pr. 01.01.	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
2Menn	2 369	2 391	2 353	2 329	2 305	2 305	2337	2 360	2 417	2442	2489	2540
Kvinner	2 394	2 389	2 377	2 341	2 353	2 332	2338	2 381	2 400	2417	2443	2460
0 år	67	54	43	54	63	55	49	50	80	55	63	77
1-5 år	337	334	309	276	269	277	282	282	303	312	310	320
Sum barnehage	404	388	352	330	332	332	331	332	383	367	373	397
6-12 år	521	516	520	507	486	478	480	473	441	432	437	428
13-15 år	218	234	220	222	229	226	210	210	212	226	218	209
Sum grunnskule	739	750	749	729	715	704	690	683	653	658	655	637
16-19 år	255	262	285	287	299	287	300	306	289	287	288	282
20 – 39 år								1164	1 194	1214	1277	1303
40 – 54 år								958	970	981	978	989
55 – 66 år								627	653	663	682	699
20-66 år	2 695	2 705	2 686	2 649	2 625	2 626	2681	2749	2 817	2858	2 937	2991
67-79 år	450	440	436	438	450	439	435	420	416	420	417	424
80 år og eldre	220	235	231	237	237	249	238	251	259	269	262	269
80 – 89 år								220	221	222	213	220
90 år og eldre								31	38	47	49	49
Sum folketal	4 763	4 780	4 730	4 670	4 658	4 637	4675	4 741	4 817	4859	4932	5000
Årlig % -vis endring	0,3	0,4	-1,0	-1,3	-0,3	-0,5	0,8	1,4	1,6	0,9	1,5	1,4

Hareid	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Barn og unge (0-15 år)	1143	1138	1092	1059	1047	1036	1021	1015	1036	1025	1028	1034
Vgs og arbeidsliv (16-66 år)	2950	2967	2971	2936	2924	2913	2981	3055	3106	3145	3225	3273
Eldre (67 år og over)	670	675	667	675	687	688	673	671	675	689	679	693
	4763	4780	4730	4670	4658	4637	4675	4741	4817	4859	4932	5000
%-vis endring frå året før	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Barn og unge (0-15 år)	-0,3	-0,4	-4,0	-3,0	-1,1	-1,1	-1,5	-0,5	2,1	-1,0	0,3	0,6
Vgs og arbeidsliv (16-66 år)	0,8	0,6	0,1	-1,2	-0,4	-0,4	3,5	2,5	1,7	1,3	2,5	1,5
Eldre (67 år og over)	-0,6	0,7	-1,2	1,2	1,8	0,1	-2,2	-0,3	0,6	2,1	-1,5	2,0

3.2 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, (ekskl. eignedomsskatt) momskompensasjon frå investeringar og andre ikkje øyremerka statlege tilskot, og er hovudsak finansieringskjelda for finanskostnadar og driftsrammene for tenesteområda.

3.2.1 Skatt og rammetilskot

Regjeringa sitt opplegg for frie inntekter i form av skatt på formue og inntekt samt rammetilskot viser følgjande:

Tusen kroner	2013	2014	2015	2016
Skatteinntekter	- 112 059	-112 059	-112 059	-112 059
Rammetilskot	- 122 308	-122 138	-121 774	-121 776
Sum skatt og rammetilskot (avrunda)	-234 400	-234 200	-23 3800	-233 800

Desse frie inntektene er innarbeidd i handlingsprogrammet i form av skatt og rammetilskot

Regjeringa sin tildelte ramme for Hareid, med grunnlag i Statsbudsjettet for 2013

HAREID	Reknes. 2011	Budsjett 2012	Budsjett- og økonomiplan			
	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Innbyggjartilskot (likt beløp pr innb)	49 504	93 504	103 764	109 359	109 748	109 758
Utgiftsutjevning	1 896	1896	4 989	4 994	4 996	4 999
Overgangsordningar (frå 2009)	-722	-722	-308			
Særskild fordeling (Fysioterapi/Kvalifiseringspro)	1 122	1 103				
Ordinært skjønn	500	250	650			
Kompensasjon Samhandlingsreforma		731	755	755		
Tiltakspakke / komp skattetap	1 077					
Økt innbyggjartilskot (RNB 2011)	131	112				
Sum rammetilsk ex. inntektsutjamning	96430	105 705	115 279	115 108	114 744	114 747
Netto inntektsutjamning	6 281	6 726	7 029	7 029	7 029	7 029
Sum rammetilskot	102 707	112 430	122 308	122 138	121 774	121 776
Rammetilskot - endring i %	85,8	9,5	8,8	-0,1	-0,3	0,0
Skatt på formue og inntekt	99 741	106 220	112 059	112 059	107 974	107 974
Skatteinntekter - endring i %	7,9	-6,5	5,5	0	0	0
Eigedomsskatt	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskot (avrunda)	202 448	218 700	234 367	234 200	233 800	233 800
Sum budsjettet skatt og rammetilskot	202 697	217 616	234 367	234 367	234 367	234 367

Tabellen ovanfor viser at Innbyggjartilskotet – likt pr. innbyggjar à 5012 innbyggjarar – aukar med om lag 10 mill. Like eins aukar utgiftsutjamninga vesentleg frå 2012 til 2013.

Auken i frie inntekter på 16,7 mill. skal dekke generell løns- og prisstigning og endring i demografi og ulike tiltaksordningar som er innarbeidd i Statsbudsjettet. Det er i

3.2.2 Eigedomsskatt

Rådmannen har ikkje lagt inn føresetningar for ev. innføring av eigedomsskatt i planperioden. Utgreiing av og ev. prinsippvedtak om innføring av eigedomsskatt vart handsama i kommunestyret den 15.12. 2011, sak 136/11, der det vart gjort følgjande fleirtalsvedtak:

Hareid kommunestyre vedtek at det ikkje skal innførast eigedomsskatt i Hareid kommune.

Det er ingen tvil om at kommunen har behov for ei styrking av inntektsgrunnlaget dersom ein skal makte å bære den utgiftsaktivitet kommunen har hatt dei siste åra. Rådmannen sitt forslag til budsjett for 2012 og 2013 og økonomiplanperioden 2014 – 2016 vil framleis ha i seg stor risiko for meirforbruk. Økonomikomiteen signaliserer at sak om eigedomsskatt bør settast på sakskartet igjen, noko rådmannen vi følgje opp, med sak til formannskapet og kommunestyret i desember 2012..

3.2.3 Andre frie inntekter

Det er under "Andre frie inntekter" innarbeidd følgjande:

Inntekt	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Økonomiplanperiode		
	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Momskomp. (inv.)	-800	-520	-260	0	0	0
Flyktingetilskot	-5 820	-5 956	-6 042	-6 217	-6 082	-6 088
Rentekompensasjon						
inv.lån	-3 100	-3 100	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Premieavvik	710	-4 445	-3 010	-3 010	-3 010	-3 010

Momskompensasjon

I 2009 hadde driftsrekneskapen ei inntekt frå momskompensasjon investering på 9 mill. Stegvis avviking av ordninga med 20 % kvart år 2010 -2013 har føre til stor inntektsreduksjon i desse åra.. I 2010 var inntekter frå momskompensasjon om lag 3,3 mill. For 2011 er det budsjettert 0,8 mill., 2012 0,5 mill. i 2013 og 0,26 mill. For 2014 er ordninga avvikla og inntekta kr. 0.

Tap av driftsinntekter frå momskompensasjon på 9 mill. i 2009 til 0,0 i 2014 har vore og er framleis eit sentralt moment i kommunen sine økonomiske utfordringar og tilpassingsbehov.

Rentekompensasjon for investeringar

Rentekompensasjon for investeringsreformer innan skulebygg og institusjonsbygg, er budsjettert til kr. 2,5 mill. pr. år. Desse inntektene har gradvis gått ned, saman med nivået i marknadsrente.

Flyktingetilskot

Flyktingetilskotet har - med målsetting om årleg opphald på ca. 50 flyktingar som oppeber integreringstilskot – ein prognose på mellom 6,0 og 6,2 mill. i statstilskot pr. år, alt etter samansetningar i flyktingegruppa og satsar pr. årsintervall.

3.2.4 Premieavvik

Premieavvik gir uttrykk for forskjellen mellom betalt pensjonspremie og bokført premie. Årleg premieavvik – positivt eller negativt – akkumulerer seg opp til ei framtidig utgift/inntekt som skal fordelast på rekneskapen dei neste 15 år, frå 2011 dei neste 10 år. I eit år med finanskrisa og låg rente får pensjonsfondet låg avkastning frå finansmarknaden, og årleg premie må stige tilsvarande for å dekke forpliktelsar. Premien må betalast og belastar likviditeten, mens ein meir «normal» premieutgift/inntekt vert belasta rekneskapen. Negativ premieavvik vert bokført som inntekt, og positivt avvik vert bokført som utgift. Årleg premie, premieavvik og avsetning til dekning for tidlegare års premieavvik - med påslag av 14,1 % arbeids-gjevaravgift - vert bokført i rekneskapen funksjonskode 170 og 171. Netto premieavvik frå Statens pensjonskasse og Kommunal LandsPensjonskasse svingar slik frå år til år:

- 2011 kr. 710.000 (utgift) Rekneskap.
- 2012 kr. -4,445.000 (inntekt) budsjettert prognose
- 2013 kr. -3.010.000 (inntekt) budsjettert prognose

Det knytter seg usikkerheit til finansmarknaden sin reelle utvikling med tilhøyrande budsjettert prognose. I hovedoversikta går denne inntekta direkte som frådrag på pensjonspremie.

3.3 Finansutgifter og inntekter

3.3.1 Renteutgifter og utbytte

Renteinntekter og utbytte er budsjettert til kr. 4,0 mill., og samansett av følgjande:

- Aksjeutbytte Tussa kr. 2,6 mill.
- Renter på bankinnskot kr. 0,4 mill.
- Renter frå formidlingslån ... kr. 0,5 mill.

Anslaget byggjer på erfaringstal frå tidlegare års rekneskap.

3.3.2 Renteutgifter og avdrag på eksisterende lån

Kommunen har pr. 30.09. 2012 ca. 337 mill. i ekstern lånegjeld, fordelt på:

- 22 mill. i formidlingslån / utlån til andre.
- 315 mill. i investeringslån.

Utgifter til rente og avdrag er for 2013 budsjettert til ca. 22,7 mill. Vekta gj.snittleg rente for heile portefølgjen vil venteleg ved årsskiftet ligg på omlag 3,58 %.

I løpet av 2012 har kommunen knytt låneportefølgjen sin til meir langsiktig binding av renta. Ein del lån med fast og noko høgare rente vil i 2013 og 2014 bli refinansiert til forhåpentleg vis noko lågare rente.

Vekta gj.snittleg lengde på rentebindinga har gått ned frå 1,8 år i 2011 til 1,3 år i 2012.

Kommunen sine renteutgifter har nær doble seg frå 2005 til 2008. Etter 2008 har rentevolumet gått litt ned og stabilisert seg lågare nivå. Rentekostnadane viser følgjande utvikling:

2005:	kr. 6,7 mill.	(rekneskap)
2006:	kr. 8,0 mill.	(rekneskap)
2007:	kr. 11,2 mill.	(rekneskap)
2008:	kr. 13,9 mill.	(rekneskap)
2009:	kr. 11,5 mill.	(rekneskap)
2010:	kr. 10,8 mill.	(rekneskap)
2011:	kr. 11,7 mill.	(rekneskap)
2012:	kr. 10,8 mill.	(Budsjett)
2013:	kr. 11,7 mill.	(Budsjett)

Tabellen ovanfor viser at kommunen – trass aukande lånegjeld – har makta gjennom sin finansforvaltning å dra nytte av nedgangen i marknadsrenta etter finanskrisa i 2008. Utan finanskrisa ville kommune truleg hatt over 16 mill. i renteutgifter. Kommunen har – trass svak økonomi – hatt stor del av gjeldsportefølgjen på kortsiktig flytande rente. Viser elles til kvartalsvise finansrapportar til kommunestyret.

Avdrag på lån skal i utgangspunktet følgje avdragsprofilen på låneportefølgjen, og er primært ei likviditetsbudsjett for betaling av avdrag. I rekneskapen vert det – i tillegg til betalt avdrag også vurdert om "vekta avdragsbelastning i høve til økonomisk gjennverande levetid for kommunen sin realaktiva, inventar, utstyr, maskiner bygg og anlegg er større enn betalt avdrag. Er "vekta årleg avskrivning / minimumsavdrag" størst enn betalt avdrag, skal rekneskapen belastast med beløpet for kalkulert minimumsavdrag.

Det er for 2013 budsjettert med ca. ca. 11,5 mill. i avdrag på investeringslån.

Avskrivning og kalkulatoriske renter

Det er innarbeidd inntekter i form av kalkulatoriske renter for anlegg knytt til vatn og kloakk på til saman ca. kr. 2,6 mill. (VAR-området skal dekke renter og avdrag på lån for sine investeringar) Av omsyn til budsjettekniske ordningar med framskriving av utgifter og inntekter, er avskrivning på andre avskrivingsobjekt ikkje innarbeidd i budsjettet, då dette er eit "0-spel" mellom utgifter og inntekter. Når avskrivning på anlegg utanom VAR-området vert bokført i rekneskapen, skal det samstundes gjennomførast budsjettjustering med same beløp i utgifter og inntekter.

3.3.3 Interne finanstransaksjonar

Dekning av meirforbruk 2009, 2010 og 2011 på til saman 15,2 mill.

Hareid kommune vart i 2009 meldt ut av ROBEK-ordninga. Kommunen vart i 2011 meldt inn igjen i ROBEK. Kommunen har gått med slikt meirforbruk dei siste 3 åra:

2009	4,1 mill.
2010	9,4 mill.
2011	1,7 mill.

I sak om godkjenning av rekneskapen for 2011 den 21. juni 2012 vedtok kommunestyret følgjande plan for dekning av akkumulert meirforbruk på 15,2 mill.

Utfordringane for rekneskapsåra 2012 – 2014 i høve til Fylkesmannen sitt krav til «Forpliktande plan for dekning av meirforbruk» frå åra 2009 – 2011 på til saman kr. 15 163 820 vert etter dette:

2012 kr. 5 192 037

2013 kr. 5 192 036

2014 kr. 4 779 747

Rekneskapsrapport pr. 30.9. 2012 signaliserer at rekneskapen for 2012 venteleg ikkje maktar å dekke budsjettert «avdrag» på tidlegare års meirforbruk med 5,2 mill. Økonomikomiteen har i sine drftingar lagt til grunn at kommunen bør legge opp budsjettet for 2013 og 2014 slik at tidsramma som kommunestyret vedtok i juni 2012, vert etterlevd. Rådmannen legg opp til – i sitt forslag til budsjett for 2014 og 2014 - at akkumulert meirforbruk på 15 163 820. skal dekkast inn slik:

2013 kr. 7 581 910

2014 kr. 7 581 910

Overføring til investeringsbudsjettet:

Det er for åra 2013 budsjettert med kr. 0,8 mill. i overføring til investeringsrekneskapen til:

- kjøp av Eigenkapitalinnskott i KLP. kr. 500 000
- tilbakeføring av momskompensasjon frå investering kr. 300 000.

Frå og med 2014 skal momskompensasjon frå investeringar fullt ut bokførast i investeringsrekneskapen.

3.3.4 Samla netto inntekter etter finanskostnader og avsetningar til disposisjon for sektorane:

Konto/heile tusen	2 013	2 014	2 015	2 016
Skatt på inntekt og formue	-112 059	-112 059	-112 059	-112 059
Ordinært rammetilskott	-122 308	-122 308	-122 308	-122 308
Andre generelle statstilskott	-8 837	-8 717	-8 582	-8 589
Renteinntekter og utbytte	-3 509	-3 509	-3 509	-3 509
Renteutgifter	11 700	10 500	11 500	13 000
Avdrag på lån	11 500	12 000	12 500	12 500
Til dekning av tidlegare års meirforbruk	7 582	7 582	0	0
Til ubundne avsetningar (disposisjonsfond)	225	1 002	1 259	10
Bruk av bundne avsetningar	-164	-164	-164	-164
Overført til investeringsregnskapet	800	500	500	500
Sum til disposisjon til tenesteproduksjon	-211 576	-211 679	-217 369	-217 124

Ingen reservar å møte uforutsette hendingar

Kommunen har ikkje økonomisk evne til å avsette reservar til å møte uforutsette hendingar dei komande åra. Med like stramme budsjettammer som tidlegare år, er risikoen stor for at også rekneskapane i dei komande åra kan gå med underskot / meirforbruk. Det må såleis utøvast god budsjett disiplin, stor varsemd og prioriteringsevne ved bruken av tildelte budsjettammer.

Vidare er det påtrengjande viktig å arbeide for å styrke inntektsgrunnlaget for kommunen, også på kort sikt.

Rådmannen har som intensjon å årleg kunne setje av løyving til å byggje opp eit disposisjonsfond som kan møte uforutsette hendingar. Men dette er vanskeleg å få til med dagens trykk på budsjettammer og årleg svake netto driftsresultat i årsrekneskapen.

Fagleg sett urealistiske ramme – høg risiko for meirforbruk?

Rekneskapane for 2009 til 2012 dokumenterer at kommunen har vanskar med å halde budsjettrammene, spesielt innan områda skule og omsorg. Utan frie fondsmidlar til disposisjon, og nedbygging av ordninga med inntekter frå momskompensasjon frå investering, er trykket på driftsrammene stort, og kanskje over på fagleg sett urealistisk nivå. Den økonomiske situasjonen for kommunen krev sterk budsjettdisiplin og vedtak om tilpassingsvedtak. Utan tiltak vil ein "arve" trykket frå 2009 til 2012 over i 2013 og komande år.

4 DRIFT

4.1 Budsjettprosessen og rådmannen sitt forslag til driftsbudsjettet 2013 og økonomiplan 2014 - 2016

I det følgjande vil vi gje eit kort resymé for budsjettprosessen fram mot saldering av budsjett og økonomiplan. Vidare vil kapittelet gje ei oversikt over kva tiltak som er prioritert inn i økonomiplanen og kva tiltak som ikkje er prioritert inn. Nedst i kapittelet er rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett for 2013 og økonomiplan for 2014 – 2016. I flg. gjeldande økonomireglement skal budsjettet vedtakast på netto områdenivå. Men seinare vedteken organisasjonsplan med vekt på resultateiningar skal budsjettet vedtakast på resultateiningsnivå / avdelingsnivå.

4.1.1 Justert driftsbudsjett pr. 2. kvartal 2012 er basis for rammebudsjetta for 2013.

Som grunnlag for budsjettarbeidet og nye økonomiske rammer for sektorane i 2013, har ein lagd til grunn justert gjeldande driftsbudsjett pr. 2. kvartal 2012.

4.1.2 Framskriving av 2012-rammene med forventa løns- og prisvekst for 2013.

For at dei overførde ressursane på 2012-nivå skal få oppretthalde sin økonomiske kjøpekraft over til 2013, er ressursane framskrivne med forventa løns- og prisvekst frå 2012 til 2013. Det er her lagt til grunn følgjande justeringssatsar med grunnlag i Statsbudsjettet:

- Lønssområdet 4,0 %
- Innkjøpsområdet 2,0 %
- Inntektsområdet 3,3 % (kommunal deflator)

Deflator for kommuneområdet gir uttrykk for ein vekta gj.snittsverdi for løns- og prisveksten, der løn er vekta ca. 65 % og andre driftsutgifter ca. 35 %. Dette er nytta for generell oppskriving av bl.a. satsar og regulativ for betaling av kommunale tenester, Deflatorverdien uttrykker forventa kostnadsauke i løn- vare- og tenesteinnsats) frå 2012 til 2013.

4.1.3 Arbeidsgjevar sin del av pensjonsutgiftene

Det vert lagd til grunn følgjande satsar:

- 16,0 % hovudgruppe KLP *)
- 18,0 % sjukepleiarar KLP
- 24,0 % ordførar, KLP
- 13,5 % lærarar, SPK

*) Det har sidan 2011 vore sterk vekst i pensjonspremien. Finansuro og statleg pålegg om nedsetting av diskonteringsrenta frå 3 % til 2,5 % forer til lågare finansinntekt og høgare premie.

Som «kompensasjon i året» er det innført ei ordning med såkalla «premieavvik» som uttrykker forskjellen mellom betalt høg premie (likviditetsbelastning) og mindre netto bokført premie (rekneskapsbelastning). Differansen skal fordelast som ugift dei neste 10 -15 åra. I 2013 er premieavviket budsjettetert til om lag 3 mill. i inntekt, som skal belastast med 300 000 i utgift pr. år dei neste 10 åra.

4.1.4 Arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie

14,1 % av løn og pensjonsutgifter
18,7 % pensjonspremie (betaling)

- 16,5 % pensjonskostnad (utgiftsføring i året)
- 2,2 % premieavvik (utgiftsføring lik del pr. år dei neste 10 åra)

4.1.5 Registrering av behov med grunnlag i vedtak og planar.

Kommunalsjefane skal melde inn til budsjettprosessen for 2012:

- Avgang, tiltak som **ikkje** skal drivast vidare i 2013

- Vidare drift, tiltak som er starta opp i 2012 og skal drivast vidare i 2013
- Nye tiltak som det er gjort vedtak om skal setjast i verk i 2013 eller seinare i planperioden.

Det er registrert eit nettovolum for endringar / nye tiltak på til saman ca. kr. 19 mill., som i hovudtrekk kjem av:

- oppfølging av enkeltvedtak
- oppfølging av planmål
- forskriftskrav
- andre behov registrert i sektorane

Ein del av dette finn inntektsramma i budsjettopplegget ikkje rom for, bl.a. fordi forskriftsmessige krav om dekning av meirforbruk 2009, 2010 og 2011 dreg 7,6 mill. av frie midlar i 2013 og 2014.

4.1.6 Endringar frå 2012 til 2013 og 2014 - 2016

Det er ikkje meldt inn tiltak på avgang frå 2012, som ikkje alt er disponert.

4.1.7 Forslag til tiltak som er innarbeidde i handlingsprogrammet

Tiltak	Tiltak	2 013	2 014	2 015	2 016
SENTRALADMINISTRASJON					
01013020	Val 2013 og 2015	240 000	10 000	240 000	10 000
01013006	Regionrådssamarbeid	55 000	55 000	55 000	55 000
01013005	Kontrollutvalssekretariat	35 000	35 000	35 000	35 000
01013025	Tilleggsloyving	100 000	100 000	100 000	100 000
01013027	Halvt årsverk IT i samarbeid med Ulstein kommune	450 000	450 000	450 000	450 000
Sum sektor		880 000	650 000	880 000	650 000
OPPVEKST					
02013002	Skulebruksplan	150 000	0	0	0
02013000	Styrka PPT- tilbod	150 000	150 000	300 000	300 000
02813003	Løn og drift ny avdeling Bigset barnehage	2 000 000	2 000 000	2 200 000	2 200 000
02813002	Lønsmkostnader grunna auke i bhg.plassar, Syverplassen	0	0	1 200 000	1 200 000
Sum sektor		2 300 000	2 150 000	3 700 000	3 700 000
VELFERD					
03013010	PMTO-prosjekt	150 000	150 000	150 000	150 000
03113000	Miljøretta helsevern- kjøp av teknisk hygieniske kompetanse	0	0	165 000	165 000
04013193	God helse partnerskap, jf. ansvar 5022	125 000	125 000	125 000	125 000
03113005	SFS2305	15 000	15 000	15 000	15 000
01013018	forlenging bustadsosialt arbeid	100 000	100 000	100 000	100 000
01013017	tilskot KVP -statsbudsjettet	819 000	819 000	819 000	819 000
01013015	VIT-prosjektet	75 000	75 000	75 000	75 000
03013007	Ressurstyringsverktøy. fordeling på 6 resultateiningar	50 000	50 000	50 000	50 000
03013009	Styrke lønsbudsjettet til reell ramme	0	0	3 900 000	3 900 000
03013002	75 % sjukepleiarstilling	466 000	466 000	466 000	466 000
04013004	Kjøp av teneste-tilrettelagt tiltak	760 000	760 000	0	0

04013005	Inventar og utstyr HMS	0	10 000	10 000	10 000
04013006	Utstyr for HMS tiltak	0	5 000	5 000	5 000
03013003	50 % stilling ved Bu og hab. avlastning	300 000	300 000	300 000	300 000
03013005	Ny ressurskrevjande brukar. Auke i rammer til lønsutgifter	1 035 160	1 035 160	1 035 160	1 035 160
04013007	Inventar og utstyr til HMS tiltak	0	10 000	10 000	10 000
Sum sektor		3 895 160	3 920 160	7 225 160	7 225 160

NÆRING, KULTUR OG SAMFUNDSUTV.

04013193	God helse partnerskap, jf. ansvar 3100	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000
04013195	Gudstenestereforma -nytt materiell	0	25 000	25 000	25 000
04013196	Kyrkjevevjestillinga -auke frå 70 til 100 %	0	0	220 000	220 000
04013199	Kyrkjetenarstillinga -auke frå 100 % til 170 %	0	0	370 000	370 000
04013202	Vindtetting mellom panel og søyler i kyrkja	0	0	15 000	0
04013210	Generell justering for 4 % lønsvekst	115 000	115 000	115 000	115 000
04013207	1 veketime med kulturskuleaktivitetar i SFO, hausten 2013	50 000	168 000	168 000	168 000
04013194	Tilskot til andre trussamfunn (auke)	0	50 000	50 000	50 000
Sum sektor		40 000	233 000	838 000	823 000

KOMMUNALTEKNISK DRIFT OG BYGG

Sum sektor		0	0	0	0
		7 115 160	6 953 160	12 643 160	12 398 160

Viser til nærare beskrivelse av tiltaka i sektorkommentarane Kap. 7 i handlingsprogrammet..

4.1.8 Tiltak som ikkje er med i handlingsprogrammet

Tiltak / resultateining	2 013	2 014	2 015	2 016
Datakommunikasjon				
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL	22 000	0	0	0
Vaktlag				
BRANNVERN	200 000	600 000	800 000	800 000
Barnevenkonsulent				
BARNEVERNSTENESTE	400 000	600 000	600 000	600 000
Logopedteneste				
OPPVEKSTKONTORET	150 000	150 000	150 000	150 000
Diverse lønnsutbetaling				
BIGSET SKULE	1 300 000	1 300 000	1 300 000	1 300 000
Diverse lønnsutbetaling				
HAREID SKULE	1 700 000	1 700 000	1 700 000	1 700 000
Diverse lønnsutbetaling				
HJØRUNGAVÅG SKULE	725 000	725 000	725 000	725 000
Diverse lønnsutbetaling				
HAREID UNGDOMSSKULE	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000
Diverse lønnsutbetaling				
HAREID BARNEHAGE	250 000	250 000	250 000	250 000

OMSORGSKONTOR	100 000	0	0	0
Verktøy og utstyr				
KJØKKEN	100 000	0	0	0
Verktøy og utstyr				
BU OG HABILITERING	10 000	0	0	0
Barnebibliotekar				
BIBLIOTEK			600 000	600 000
Sum tiltak som ikkje er prioritert inn:	6 207 000	6 570 000	7 375 000	7 375 000

4.1.9 Brutto utgifter og inntekter, samt netto utgifter pr. sektor

Tabellen nedanfor viser rådmannen sitt forslag til bruttobudsjett pr. sektor, herunder brutto utgifter, brutto inntekter og netto utgiftsramme. Dette gir altså uttrykk for rammebudsjettet på sektornivå.

Sektor	2013	2014	2015	2016
Utgifter	70 558 335	69 810 155	64 215 155	64 236 475
Inntekter	-258 107 853	-257 427 673	-257 292 673	-257 298 993
Sentraladministrasjon	-187 549 517	-187 617 517	-193 077 517	-193 062 517
Utgifter	99 532 155	99 382 155	100 932 155	100 932 155
Inntekter	-9 517 657	-9 517 657	-9 517 657	-9 517 657
Oppvekst	90 014 498	89 864 498	91 414 498	91 414 498
Utgifter	97 533 683	97 558 683	100 863 683	100 863 683
Inntekter	-20 740 058	-20 740 058	-20 740 058	-20 740 058
Velferd	76 793 625	76 818 625	80 123 625	80 123 625
Utgifter	23 669 161	23 862 161	24 467 161	24 452 161
Inntekter	-11 505 502	-11 505 502	-11 505 502	-11 505 502
Næring, kultur og Samfunnsutvikling	12 163 659	12 356 659	12 961 659	12 946 659
Utgifter	33 117 305	33 117 305	33 117 305	33 117 305
Inntekter	-24 539 569	-24 539 569	-24 539 569	-24 539 569
Kommunalteknisk drift	8 577 736	8 577 736	8 577 736	8 577 736
	0	0	0	0

Tabellen viser driftsbudsjettet sine brutto utgifter og inntekter samt netto utgift pr. sektor. Tabellen gir uttrykk for den økonomiske aktiviteten med bl.a. kvar sektor sine egne driftsinntekter. Unntak for dette er sjølvstøtt sektor «Sentraladministrasjon» der finansområdet med skatteinntekter og rammetilskot har i seg store «fellesinntekter».

4.2 Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2014 – 2016

Oversikta nedanfor er rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett for 2013 og økonomiplan for 2014 - 2016. Årsbudsjettet for 2013 og økonomiplanperioden 2014 – 2016 byggjer på og er i samsvar med Statsbudsjettet sine føresetnadar og prognose for frie inntekter og for venta løns- og prisstigning.

Nedanståande budsjettskjema 1A og 1B vert - saman med tilråding frå formannskapet og endeleg vedtak i kommunestyret - det formelle Årsbudsjett 2013 og Økonomiplan 2014 -2016

BUDSJETTSKJEMA 1A: Finans

(heile tusen)	2 013	2 014	2 015	2 016
Skatt på inntekt og formue	-112 059	-112 059	-112 059	-112 059
Ordinært rammetilskot	-122 308	-122 308	-122 308	-122 308
Andre generelle statstilskot	-8 837	-8 717	-8 582	-8 589
Renteinntekter og utbytte	-3 509	-3 509	-3 509	-3 509
Renteutgifter	11 700	10 500	11 500	13 000
Avdrag på lån	11 500	12 000	12 500	12 500
Til dekning av tidlegare års meirforbruk	7 582	7 582	0	0
Til ubundne avsetningar (disposisjonsfond)	225	1 002	1 259	10
Bruk av bundne avsetningar	-164	-164	-164	-164
Overført til investeringsregnskapet	800	500	500	500
Sum til fordeling drift.	-211 576	-211 679	-217 369	-217 124
Saldert budsjett	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1B: Netto budsjetttramme pr. resultateining / avdeling:

Resultateining /Avdelingar	Rekn. 2011	Budsj. 2012	2 013	2 014	2 015	2 016
SENTRALADMINISTRASJON						
POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 797	2 396	2 831	2 601	2 831	2 601
RÅDMANN OG KOMMUNALSJEFAR	1 532	1 823	1 892	1 892	1 892	1 892
ØKONOMI OG FINANS	-194 485	-203 405	-216 689	-216 527	-222 217	-221 972
PERSONALAVDELING	1 978	1 793	1 862	1 862	1 862	1 862
PLAN OG UTVIKLINGSAVDELING	2 473	3 601	3 741	3 741	3 741	3 741
SERVICETORGET	4 084	4 163	4 284	4 284	4 284	4 284
IKT-AVDELING	-15 838	98 864	0	0	0	0
NAV-KOMMUNE	10 324	10 522	11 793	11 793	11 793	11 793
BRANNVERN	2 604	2 623	2 734	2 734	2 734	2 734
Sum sentraladministrasjon	-168 710	-176 385	-187 551	-187 619	-193 079	-193 064
OPPVEKST						
OPPVEKSTKONTOR	20 092	21 941	22 591	22 441	22 591	22 591
BIGSET SKULE	7 333	8 182	8 490	8 490	8 490	8 490
HAREID SKULE	15 786	16 730	17 364	17 364	17 364	17 364
HJØRUNGAVÅG SKULE	6 153	6 803	7 053	7 053	7 053	7 053
HAREID UNGDOMSKULE	19 232	18 357	19 032	19 032	19 032	19 032
BIGSET BARNEHAGE	3 358	3 525	5 691	5 691	5 891	5 891
HAREID BARNEHAGE	2 807	3 202	3 354	3 354	3 354	3 354
SYVERPLASSEN BARNEHAGE	5 654	6 141	6 438	6 438	7 638	7 638
Sum oppvekst	80 416	84 882	90 014	89 864	91 414	91 414
VELFERD						
HELSE OG KOORDINERANDE EINING	11 562	12 417	13 182	13 182	13 347	13 347
VELFERDSKONTOR	3 344	3 334	3 456	3 456	7 356	7 356
SJUKEHEIM LANGTID	7 479	5 940	9 357	9 357	9 357	9 357
SKUKEHEIM KORTTID	14 521	18 128	16 120	16 120	16 120	16 120
KJØKKEN	5 581	5 491	5 655	5 655	5 655	5 655
HEIMETENESTE EINING 1	9 643	10 811	11 983	11 993	11 233	11 233
HEIMETENESTE EINING 2	3 371	4 316	4 490	4 495	4 495	4 495
BU- OG HABILITETSAVDELINGA	11 424	10 798	12 551	12 561	12 561	12 561
Sum velferd	66 925	71 234	76 795	76 820	80 125	80 125
NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING						

KULTURKONTOR	729	769	798	798	798	798
BIBLIOTEK	1 071	1 062	1 100	1 100	1 100	1 100
KULTURTILTAK	1 260	1 768	1 678	1 678	1 678	1 678
NÆRINGSTILTAK	191	100	81	81	81	81
HAREID MUSIK- OG KULTURSKULE	1 546	1 588	1 701	1 819	1 819	1 819
RESSURSENER	4 380	3 678	3 760	3 760	3 760	3 760
TRUSAMFUNN	3 034	2 930	3 045	3 120	3 725	3 710
Sum næring, kultur og samfunnsutvikling	12 212	11 895	12 164	12 357	12 962	12 947
KOMMUNALTEKNIKK OG BYGG						
PLAN OG UTVIKLINGSAVDELING	8 791	0				
KOMMUNAL TEKNIKK	4 196	3 964	4 067	4 067	4 067	4 067
SJØLVKOSTOMRÅDE	-115	-78	-112	-112	-112	-112
BYGG	5 038	4 477	4 622	4 622	4 622	4 622
Sum kommunalteknikk og bygg	9 129	8 363	8 578	8 578	8 578	8 578

Vedteke budsjettramme for 2013 er bindande for forvaltninga av rammene:

Sitat frå kommunelova § 47: Årsbudsjettets bindande virkning:


1. Kommunestyrets eller fylkestingets bevilgninger i årsbudsjettet er **bindende for underordnede organer**. Dette gjelder ikke for utbetalinger kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta, jf. § 46 nr. 1 tredje punktum. (§ 46 nr. 1, 3. punktum:utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.)

2. Skjer det endringer i løpet av budsjettåret som kan få betydning for de inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal administrasjonssjefen, kommunerådets leder eller fylkesrådets leder gi melding til kommunestyret eller fylkestinget.

3. Får kommunestyret eller fylkestinget melding etter nr. 2 foran, skal det foreta nødvendige endringer i budsjettet. Det samme gjelder når det på annen måte gjøres kjent med forhold som kan bety vesentlig svikt i inntektene eller en vesentlig økning i utgiftene i forhold til budsjettet.

5 INVESTERINGAR

Hareid kommune er som kjent ei ROBEK-kommune. Dette set og sitt preg på prioriteringane som vert gjort i investeringsbudsjettet. Dette er ikkje tida for å planlegge tiltak i retning av større utbyggingar av offentlege bygg og tenestestader. Ein må i første rekke ta sikte på å bevare den eksisterande bygningsmassen og elles nøye seg med å investere i det som er mest naudsynt for å sikre at tenestene, brukarane og arbeidstakarane ikkje i for stor grad vert skadelidande. Investeringsbudsjettet legg likevel opp til at kommunen skal få utvikle seg på dei områda som ein trur vil gagne kommunen som heilskap, på den måten at det leggst opp til å legge til rette for ei fortsett prioritering av bustad- og næringsutvikling. Ein stor del av investeringane er heilt sjølvfinansierande i form av brukarbetalingar (VAR) og formidling av startlån frå Husbanken. Sal av fast eigedom (bustads- og næringsareal) er og i prinsippet sjølvfinansierande, men er knytt til marknad og etterspurnad og ein del av investeringane vil derfor kunne delar av tilbakebetalingane i år som kjem etter handlingsplanperioden. Ein legg opp til ein gradvis reduksjon av lånegjelda i åra som kjem. Ein viser elles til omtale av investeringane lenger nede i dette kapittelet samt til Innleiinga i kapittel 2.



Tabellen syner utviklinga i handlingsprogrammet for lånegjelda

Note til investeringsoversynet

	2013	2014	2015	2016
Lånegjeld pr 31.12 eks pensjonsforpliktingar	-355 178	-354 942	-352 667	-346 275
herav: Formidlingslån	-22 143	-22 440	-22 714	-22 967
Lån til egne formål	-333 034	-332 502	-329 953	-323 308
Lånegjeld pr innbyggjar til egne formål	70,2	70,1	69,6	68,2
Nye låneopptak	-23 016	-18 700	-9 205	-6 395
herav: Formidlingslån	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Lån til egne formål	-21 016	-16 700	-7 205	-4 395
Gjennomsnittlig vekta avdragstid	34,1	37,0	34,8	34,2
Renter av nye lån	345	1 099	1 788	2 065
Sum renteutgifter	9 991	11 638	13 198	12 932
Avdrag på lånemasse opptatt pr 31.12.2012	10 544	8 054	8 101	9 068
Avdrag på nye lån	438	1 179	1 652	1 972
Sum avdrag	10 982	9 233	9 753	11 040
Sum brutto kapitalkostnader	20 973	20 870	22 951	23 973
	2013	2014	2015	2016
Lån til egne formål	333 034	332 502	329 953	323 308

5.1 HOVUDOVERSYN INVESTERINGAR

Finansinntekter	2013	2014	2015	2016
Bruk av lånemidler	-23 016	-18 700	-9 205	-6 395
herav bruk av unyttet lånemidler	-7 000	-8 000	0	0
Tilskot og refusjonar	-450	-500	-625	-125
Salsinntekter fast eigedom og anleggsmidler	-2 700	-4 100	-8 750	-6 500
Bruk av avsetningar (fond)	0	0	0	0
Overføring frå driftsrekneskapen	-500	-500	-500	-500
Anna finansiering	0	0	0	0
Sum inntekter	-26 666	-23 800	-19 080	-13 520

Finansutgifter	2013	2014	2015	2016
Kjøp av aksjar og andelar	0	0	0	0
Avsetningar til kapitalfond	0	0	0	0
Andre finansutgifter	0	0	0	0
Sum finansutgifter	0	0	0	0

Sum finansinntekter og -utgifter	-26 666	-23 800	-19 080	-13 520
---	----------------	----------------	----------------	----------------

Investeringsutgifter	2013	2014	2015	2016
Vassforsyning	4 500	1 500	500	500
Kloakk og avløp	4 700	500	500	500
Renovasjon	0	0	0	0
Feiing og kontroll	0	0	0	0
Hamner	0	1 500	0	0
Utleigebustadar	0	0	0	0
Bustadområde	2 200	8 150	9 500	7 100
Industriområde	1 500	2 750	2 500	1 250
Andre sjølvfinansierende prosjekt	2 150	2 100	2 100	2 000
herav startlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum sjølvfinansierende prosjekt	15 050	16 500	15 100	11 350

Utstyr, bilar og maskiner	2 200	800	400	400
Skular og barnehagar	0	0	230	0
Idretts- og kulturanlegg	0	0	1 050	400
Omsorgs- og helsebygningar	1 150	450	200	0
Administrasjonsbygningar	1 300	0	0	0
Vegar og gater	2 116	2 100	1 000	200
Bustadområde	0	0	0	0
Næringsområde	0	0	0	0
Andre prosjekt	4 850	3 950	1 100	1 170
Sum ordinære prosjekt	11 616	7 300	3 980	2 170

Sum investeringsutgifter	26 666	23 800	19 080	13 520
---------------------------------	---------------	---------------	---------------	---------------

5.2 Samla detaljoversyn over investeringane

5.2.1 Bruttoinvestering, lån og avdragstid for dei enkelte prosjekt

ORDINÆRE PROSJEKT									
Tal i tusen kroner	Rente 2013 Prosj. kostn. dette år	3,00 % Lån	Rente 2014 Prosj. kostn. dette år	3,50 % Lån	Rente 2015 Prosj. kostn. dette år	4,00 % Lån	Rente 2016 Prosj. kostn. dette år	4,00 % Lån	Løpe- tid lån(år)
Investeringsprosjekt									
SENTRALADMINISTRASJONEN									
IKT-avdeling									
Utfasing utstyr serverrom og infrastruktur	100	100	100	100	100	100	100	100	5
Inv. inkl.ny portal - SSIKT felles driftssenter	300	300	0	0	0	0	0	0	5
Datamaskiner lærerarar	0	0	100	100	100	100	100	100	5
IT-utbygging/læremiddel skulane	100	100	200	200	200	200	200	200	5
Plan-, utvikling, byggesak og geodata									
Kyrkjegarden - plan og utvikling	600	600	450	450	450	450	0	0	40
Brann									
Vaktbil / kommandobil	0	0	400	400	0	0	0	0	10
Ny tankbil m/crewcab	1 375	1 375	0	0	0	0	0	0	10
Inventar og utstyr til ny brannstasjon	150	150	0	0	0	0	0	0	10
Tilhengarpumpe m/røykvifte	175	175	0	0	0	0	0	0	10
Finans									
Kjøp av egenkapitalinnskott i KLP	500	0	500	0	500	0	500	0	1
Unyttå lånemidlar									
KULTUR, NÆRING OG SAMF.UTV.									
Kvitnes dokumentasjonssenter	0	0	0	0	250	125	250	125	20
Skilting av kulturminne, Ovrå	0	0	0	0	150	150	150	150	20
Hareid sokn									
Lys parkeringsplass - drenering	0	0	0	0	100	100	0	0	20
Nytt golv og varmesystem - kyrkja	0	0	0	0	650	650	0	0	20
Utviding kyrkjegard	3 000	3 000	2 500	2 500	0	0	0	0	40
KOMMUNALTEKNISK DRIFT									
Kommunaltekniske tenester									
Fast dekke	100	100	100	100	200	200	200	200	20
Ferdigstilling av Kvisla	1 116	1 116	0	0	0	0	0	0	40
Hareid sentrum - miljøgate mv.	200	200	1 000	1 000	700	200	0	0	40
Trafikktryggingstiltak	600	300	0	0	0	0	0	0	20
Førebygging Gjerdeelva (K-styret 16.12.2010)	300	150	0	0	0	0	0	0	40
Trafikktrygging Hjørungavåg skule	100	100	1 000	500	0	0	0	0	20
Kommunale bygg									
Hjørungavåg skule (bordkledning m.m.)	0	0	0	0	230	230	0	0	30
Sjukeheimen - Inngangsparti / låsesystem	0	0	250	250	0	0	0	0	20
Ny takteking på rådhuset	1 300	1 300	0	0	0	0	0	0	20
Hjellebakken, bygningsmessig tilpassing	200	200	200	200	200	200		0	20
Forprosjekt avlastingsbustader	100	100	0	0	0	0	0	0	20
Prosjektanalyse avlastingsbustader	200	200	0	0	0	0	0	0	20

Sjukeheimen - 3. etg. Ombygging	500	500	0	0	0	0	0	0	20
Brannstasjonen, nytt golv (tiltaksplan 3)	300	300	0	0	0	0	0	0	20
Brannstasjonen, nytt taktekk	0	0	350	350	0	0	0	0	20
Uføresette utskiftingar bygg	150	150	150	150	150	150	150	150	20
Utelager Hjellevbakken	0	0	0	0	0	0	520	520	20
Sansehage	150	150	0	0	0	0	0	0	20
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	11 616	10 666	7 300	6 300	3 980	2 855	2 170	1 545	
Vekta avdragstid	27,2		31,0		23,3		16,1		

"SJØLVFINANSIERANDE" PROSJEKT

Tal i tusen kroner	Rente	3,00 %	Rente	3,50 %	Rente	4,00 %	Rente	4,00 %	
	2013		2014		2015		2016		Løpe-
	Proj.	Lån	Proj.	Lån	Proj.	Lån	Proj.	Lån	tid
	kostn.		kostn.		kostn.		kostn.		lån(år)
	dette år		dette år		dette år		dette år		
Investeringsprosjekt									

SENTRALADMINISTRASJONEN

Plan-, utvikling, byggesak og geodata

Bustadfelt Holstad	350	350	500	500	3 500	1 000	3 500	1 500	40
Bustadfelt Pålhaugen 2	1 000	600	0	-800	0	-1 200	0	-800	40
Industriområde Myrane	1 500	1 500	1 250	1 250	1 250	1 250	0	0	40
Bustadfelt Bigset-Rise, detaljregulering	200	200	0	0	0	0	0	0	40
Skolgemyra/Vadbakken - grunnkjøp	0	-800	0	-800	0	-800	0	-800	40
Tilrettel. hyttetomter, Haugen - Engesk.	150	150	0	-1 000	0	-250	0	0	40
Eliasgarden - grunnkjøp	650	650	550	550	0	-900	0	-900	40
Bustadfelt Melshornlia, grunninnløsning og prosjektering	0	0	2 000	2 000	2 000	-1 000	0	-2 000	40
Bustadfelt Hjørungavåg, detaljregulering	0	0	200	200	0	0	0	0	40
Reiten	0	0	800	800	0	0	0	0	40
Diverse tomtsal	0	-1 500	0	-1 500	0	-100	0	0	40
Diverse reguleringskostnader	0	0	100	100	100	100	0	0	40
Startlån (lån til videre utlån)	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	40

KOMMUNALTEKNISK DRIFT

Kommunaltekniske tenester

Hareidsmyrane, tekniske anlegg	0	0	1 500	1 500	1 250	1 250	1 250	1 250	40
Eliasgarden, tekniske anlegg	0	0	800	800	0	0	0	0	40
Pålhaugen 2, tekniske anlegg	0	0	1 700	1 700	0	0	0	0	40
Reiten, tekniske anlegg	0	0	1 000	1 000	0	0	0	0	40
Bustadfelt Holstad, tekniske anlegg	0	0	300	300	2 000	2 000	2 700	2 700	40
Bustadfelt Melshornlia, tekniske anlegg	0	0	300	300	2 000	2 000	900	900	40
Fornyning vassleidningsnett	500	500	500	500	500	500	500	500	40
Nytt inntak Hammarstøylsvatnet	0	0	1 000	1 000	0	0	0	0	40
Reservevassforsyning	4 000	4 000	0	0	0	0	0	0	40
Fornyning kloakknett	500	500	500	500	500	500	500	500	40
Kloakkledning Liaset - Øvrelid	4 200	4 200	0	0	0	0	0	0	40
Utgifter	1 898 499	1 898 499	1 898 499	1 898 499
Inntekter	-5 773	-5 773	-5 773	-5 773
Netto utgifter	1 892 726	1 892 726	1 892 726	1 892 726

Brannvern

7.2.5 Beskriving av avdelinga

Avdeling for brann har følgjande einingar:

- Brannvern
- Feiing og tilsyn

Dei 2 einingane vert leia av brannsjefen som har økonomi og personalansvar i tillegg til fagleg ansvar for si eininga. Brannsjefen rapporterer til rådmannen.

Avdelinga har beredskap 24 timar i døgnet, med befal og sjåfør i vakt. Avdelinga har totalt 1 årsverk og 18 deltidsmannskap.

7.2.6 Hovudutfordringar

- Få etablert brannordninga i praksis med lovpålagd vaktlag.
- Halde utstyr/brannmateriell, kjøretøy og bygningar så godt vedlike som mogleg innanfor budsjettløyvinga.
- Utsifting av gammalt utstyr, slik som røykdykkarutstyr, personsøkarar, verneutstyr etc.
- Naudstrømaggregat til brannstasjonen, i tilfelle langvarig strømbrott
- Få ny tankbil på plass før den gamle ikkje kan kjøre lengre
- Sørge for å auke kompetansen til både mannskap og befal så mye som mogleg ut frå løyvde midlar på budsjettet.
- Halde tritt med krava til kvalifiserande kurs som brannmannskapa skal ha.
 - Det kjem stadig nye lovpålagte krav, men ikkje midlar nok til å ta dette på få år. I tillegg til utgifter med kursa, må Hareid kommune kjøpe fri brannmannskap frå sin arbeidsgivar for å sende dei på kurs.
- Halde fram med å få brannmannskapa gjennom grunnutdanninga for brannfolk i deltidsbrannvesen. Gjennomføring av teoretisk og praktisk kurs.
- Utføre lovpålagt tilsyn i særskilte brannobjekt.
- Utføre motivasjons- og informasjonstiltak til skular, barnehagar og lokalbefolkning.

7.2.7 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål (jf. brannordning 2012-2017)

HOVUDMÅL 1:

Målsetninga for Hareid brannvern er å redusere tal branntilløp og betydelige personskader til eit absolutt minimum.

HOVUDMÅL 2:

Gjennomføre spesielt branntilsyn og feiing i.h.h.t overordna lovverk, samt prioritere dei bygga der skaderisiko eller omfanget av skade kan være størst.

HOVUDMÅL 3:

Ha eit godt og kvalifisert brannvern, med det utstyr, kompetanse og utdanning, som må til.

HOVUDMÅL 4:

Aktiv og målretta informasjon til alle deler av befolkninga.

HOVUDMÅL 5:

Utføre det brannforebyggjande arbeidet og dekke behovet for beredskap ved brann og ulykker

Kortsiktige mål

- Få den nye brannstasjonen til å fungere, med det utstyr og inventar som må til.

Strategiar:

Brannordninga 2012-2017 blei vedtatt i Hareid kommunestyre d. 21.6.2012, med tilråding om at kommunestyret vedtar brannordning 2012-2017 og vedtar å sette brannvernet i større fokus i åra framover. Dette inneber at vaktlagt må på plass, for å kunne handtere dei ulykkene og situasjonane som oppstår.

For å auke fokus på beredskapsarbeid er den sentrale strategien:

- Få på plass lovpålagt vaktlagt
- Få på plass utstyr som er lovleg og ikkje sette menneskane i livsfare.
- Sørge for at brannmenneskane får dei lovpålagte kurs og opplæring dei skal ha
 - Dette gjennom kurs frå NBSK og lovpålagde øvinga.

For å auke fokus på førebyggjande arbeid er den sentrale strategien:

- Brannvernet har totalt 33 a-objekt, 14 b- objekt og 1 c-objekt i Hareid kommune. Det er planlagt å ha tilsyn med alle særskilte objekt i 2013. (Jf. plan for tilsyn)
- Utføre saksbehandling som omfattar:
 - branntilsyn, søknad om oppbevaring og sal av brannfarleg og eksplosive varer og varsel om pålegg av manglande takstige. Råd og vegleiing vedrørande branntekniske spørsmål om eldstad og piper, samt brannteknisk dokumentasjon vil også bli ein oppgåve i 2013.
- Hareid brannvern vil gjennomføre lovpålagt tilbod om feiing og tilsyn til befolkninga.
- Hareid brannvern vil gjennomføre kurs og informasjonstiltak i brann, evakuering og slokking.
 - Dette for å auke kompetanse og gje informasjon til befolkninga om brannsikkerheit.

7.2.8 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	3 199 320	3 199 320	3 199 320	3 199 320
Inntekter	-465 401	-465 401	-465 401	-465 401
Netto utgifter	2 733 920	2 733 920	2 733 920	2 733 920

IT-avdelinga

7.2.9 Beskriving av avdelinga

IT-avdelinga er ein stabsfunksjon som skal betene heile organisasjonen med infrastruktur og drift av kommunen sine applikasjonar både i administrasjon og skule/barnehage. I tillegg har IT-avdelinga fått eit ansvar for interkommunal drifting. Sjå under

7.2.10 Hovudutfordringar

Hovudutfordringa framover vert å oppretthalde ei kostnadseffektiv drift som samstundes kan vidareutvikle it-leveransane slik at tilsette, publikum og folkevalde får det verktøyet dei treng for ein effektiv tenesteproduksjon, samhandling kommune/publikum og effektiv sakshandsaming i politiske organ. Vidare vert utvikling av interkommunalt samarbeid innanfor IKT ei stor utfordring i perioden. Hareid kommune har i løpet av 2012 tatt over driftinga av Sikker Sone i alle 7 kommunane på Søre Sunnmøre og dette har vore særskilt krevjande for IT-avdelinga.

7.2.11 Mål og tiltak

Overordna og langsiktige mål

Sørgje for at tilsette, folkevalde og publikum får levert dei tenestene dei har krav på samt vidareutvikle eit interkommunalt samarbeid slik at ein kan få ei enno meir kostnadseffektiv drift med best mogleg kvalitet. Etablering av eigen fiberforbindelse mellom kommunane på Søre Sunnmøre.

Kortsiktige mål

Ytterlegare satsing på skulane i kommunen. Vidareutvikling av felles driftsenter for Søre Sunnmøre.

7.2.12 Ressursinnsats 2013 – 2016

Skular: Ytterlegare utskifting av utrangerte maskiner for lærarstab og elevar.
Elles: Felles driftsenter, vidareutvikling og løpande vedlikehald/utskiftingar.
Samarbeid med Ulstein: Etablere ei felles stilling på IT med deling av kostnader.

Tiltak/avgang drift

Hareid har sidan 2008 drifta økonomiapplikasjonen Agresso for alle kommunane på Søre Sunnmøre, med unntak av Ørsta og Volda. Dei sju kommunane på Søre Sunnmøre har bestemt det skal etablerast eit felles driftsenter for, i fyrste omgang, lukka sone. Først skal dette senteret plasserast i Hareid kommune. Dette inneber ei auke i driftsutgiftene våre på om lag 35.000,-. Resten vert fordelt på dei andre kommunane. Som eit bilateralt samarbeidsprosjekt innanfor IT har vi foreslått at det vert etablert ei felles konsulentstilling for Ulstein og Hareid frå 2013. Elles arbeider IT-avdelinga kontinuerleg med å bli kvitt unødvendige kommunikasjonskostnader ved å bygge ut eigen infrastruktur. Dette krev imidlertid litt investeringsmidlar.

Tiltak/avgang investering

Investering i 1000 kr	Forslag handlingsprogram 2013 – 2016 i faste prisar			
Tiltak	2013	2014	2015	2016
Datamaskiner lærarar	0	100	100	100
IT/læremiddel i skulane	100	200	200	200
Utfasing av utstyr serverrom og infrastruktur	100	100	100	100
Felles driftsenter	300	0	0	0

IT/læremiddel skulane burde med fordel ha vore større, då 100 000,- vil være for lite til å hindre ei kraftig oppbremsing av naudsynt utbygging av datakapasitet for elevane i skulen.

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	4123364	4123364	4123364	4123364
Inntekter	4123364	4123364	4123364	4123364
Netto utgifter	0	0	0	0

Plan, utvikling, byggesak og geodata

7.2.13 Beskriving av avdelinga

Avdelinga er sett saman av den tidlegare Plan- og Utviklingsavdelinga og det tidlegare området Brann, Byggesak og Geodata, med unntak av Brann, som no er blitt ei eiga avdeling i rådmannen sin stab. Endringa har blitt gjort i tråd med kommunestyret sine vedtak i høve organisasjonsendring. Det er no 4,75 årsverk i avdelinga, fordelt på fem stillingar. Avdelinga handsamar mellom anna kommuneplanar, reguleringsplanar, tekniske planar, utfører tilsyn og oppmålingsforretningar samt ajourføring og digitalisering av kartverk.

7.2.14 Hovudutfordringar

Det er stort press på avdelinga med omsyn på arbeidsoppgåver. Sidan avdelinga omfattar ein del nøkkelfunksjonar med til dels spesialiserte oppgåver, kan sårbarheit ved vakansar og/eller sjukdom lett oppstå. Avdelinga har arbeidsoppgåver nok til å forsvare ei utviding, men i den økonomiske situasjonen er dette ikkje aktuelt. Avdelinga har pr. i dag god kompetanse på fagfelta, men det er viktig å ha fokus på vidare kompetanseutvikling og rekruttering.

7.2.15 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

Utvikling av kommuneplan i forkant av alle behov.

Gjennomføre reguleringsplanar, tekniske planar, sikre og avhende ulike arealresursar.

Handsame private reguleringsframlegg innanfor dei tidsrammer som krevst.

Handsame søknader etter plan- og bygningslova innafor dei tidsrammer som er sett.

Gjennomføre tilsyn med byggeløyve og føretak.

Utføre oppmålingsforretningar innanfor dei krav og tidsrammer som er sett i matrikkellova.

Digitalisering av eksisterande leidningsnett for vatn og avlaup.

Halde kartverk à jour ved måling og få gjennomført flyfotografering og nykonstruksjon i faste tidsintervall.

Kortsiktige mål

Reguleringsplan Holstad, slutthandsaming.

Reguleringsplan Ovrassanden friluftsområde, avklaring motsegner slutthandsaming.

Reguleringsplan Melshornlia, slutthandsaming.

Reguleringsplan Ytre Hamn, slutthandsaming.

Reguleringsplan Bigset – Rise, oppstart.

Reguleringsplan Åsen hyttefelt, oppstart.

Gjennomføre grunnkjøp for 1. byggesteg i Hareidsmyrane.

Fullføre grunnkjøp for Pålhaugen 2.

Gjennomføre grunnkjøp for tilkomstveg og tomter vest for kyrkjegarden i reguleringsplan Aurgoten.

Gjennomføre grunnkjøp til utviding av kyrkjegarden.

Marknadsføring og sal av bustadtomter i dei 2 nye ferdig utbygde bustadfelta Plassane-Skolgemyra og Engane Nord.

Kome i gang med fast rutine for gjennomføring av tilsyn med føretak i byggesaker.

Måling for stadfesting og kartlegging av alle nye VA-leidningar som vert utbygd og gradvis forbetre det digitale kartverket i forhold til eldre leidningsnett.

Årlig halde à jour kartverket i forhold til nye vegar og bygningar ved innmåling. Intervall for flyfotografering kvart 5. år.

Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	4 793 002	4 793 002	4 793 002	4 793 002
Inntekter	-1 051 460	-1 051 460	-1 051 460	-1 051 460
Netto utgifter	3 741 542	3 741 542	3 741 542	3 741 542

Løn og personalavdelinga

Skildring av avdelinga

Løn- og personalavdelinga har 3,2 årsverk. Av dette er 0,3 årsverk vakant.

Avdelinga skal vedlikehalde, utvikle og forbetre kommunen sin funksjon som arbeidsgjevar. Vi har ein rådgevande funksjon overfor leiarar. Det meste er pålagt gjennom lover, forskrifter, avtaleverk og lokale vedtak. Vi yter mellom anna tenester innanfor følgjande område; tilsetjing, fråvær, oppseiing, løn, pensjon, personforsikring, lønsforhandlingar, HMS, AKAN, bedriftshelseteneste og inkluderande arbeidsliv (IA). Avdelinga utfører frå 2013 også lønsarbeid for Hareid sokn.

7.2.16 Hovudutfordringar

Effektivisering av arbeidet.

Personellressursar til å utføre det som er pålagt av arbeid.

Tilføre tilstrekkeleg kompetanse til organisasjonen om kor viktig personalarbeidet er. Det er dei ressursane som utfører arbeidet kommunen er sett til å yte for innbyggjarane.

Å drive avdelinga utan naudsynte økonomiske midlar til fast tilsette.

Å kunne utføre dei oppgåvene og tenestene avdelinga har utan økonomiske midlar.

Å tilpasse tenestene til personell- og økonomiske ressursar.

7.2.17 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

Hareid kommune skal vere ein open organisasjon, med god tilgang på informasjon og god kommunikasjon.

Gjennom systematisk arbeid mot eit godt omdøme og gode tenester, skal vi auke attraktiviteten til kommunen. Slik kan vi også lukkast med å rekruttere og behalde gode leiarar og medarbeidarar.

Utvikle positive haldningar gjennom opplæring, og halde fokus på det å yte god service både til eksterne og interne kundar.

Utvikle organisasjon og leiarskap gjennom kompetansepåfyll og motivasjonsarbeid.

Effektivisere gjennom utvida bruk av elektroniske reiskap.

Utvikle funksjonelle internkontrollsystem som fangar opp avvik på viktige område.

Kortsiktige mål

Vedlikehalde og auke kompetansen innanfor helse-, miljø og sikkerheit gjennom kommunikasjon, praksis og opplæring.

Vidareutvikle personalpolitiske retningslinjer ved revidering av reglement og/eller rutinar.

Fortsatt auke og vedlikehalde kommunikasjonskompetanse gjennom intern praksis, intern og ekstern opplæring.

Stabilisere/reducere sjukefråvær primært gjennom førebygging og haldningspraksis og -arbeid.

Få i drift ressursstyringssystemet «minVakt» for velferdssektoren. Vurdere stegvis innføring for dei andre sektorane og sentraladministrasjonen med bakgrunn i erfaring og kost versus nytte frå «minVakt».

Vurdere og eventuelt utføre overgang til elektronisk personalarkiv.

Vurdere dei datasystema som er i bruk i dag opp mot ressursbruk og nytte.

Gjennomføre minst eitt relevant kompetansehevande prosjekt/prosess i året for leiarar.

Gjennomføre minst eitt relevant motiverande prosjekt/prosess i året for leiarar.

Strategiar:

Arbeide for arbeidsmåtar og – system som er tidssparande og kvalitetshevande.

7.2.18 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	1 908 744	1 908 744	1 908 744	1 908 744
Inntekter	-46 188	-46 188	-46 188	-46 188
Netto utgifter	1 862 555	1 862 555	1 862 555	1 862 555

Servicetorg og politisk sekretariat

7.2.19 Beskriving av avdelinga

Servicetorg og politisk sekretariat har ein nøkkelfunksjon i forhold til skjeringa mellom publikum og organisasjonen. Mykje av kontakta frå innbyggjarane går via servicetorg og politisk sekretariat. Vi yter tenester innanfor følgjande felt arkiv, utval, TV-aksjon, transportstøtte, tildeling av følgjekort, utleige Hareidhallen/symjehallen, søknad frå lag og organisasjonar, Infoland, valarbeid, næringsfondet, bustønad, startlån, bustadtilskot, tilsett portal, innbyggjarportal, beredskapssystem, ambulerande skjenkeløyve, oppgave for omsett alkohol og sikkerheitsansvar personvern.

7.2.20 Hovudutfordringar

Utfordringane framover vert å klare å utføre tenestene våre på ein meir effektiv måte samtidig med eller som ein følgje av reduksjon i årsverk ved avdelinga.

Vi må heile tida jobbe for at kundane får opplysningane dei treng bl.a. via nettsida vår, at arkivet er lett tilgjengeleg og at vi jobbar innanfor dei rammene lova gir.

Styrke samhaldet mellom politikar, sakshandsamar og utvalssekretær gjennom god oppfølging av utvalshandsaminga.

Avvikle kommune- fylkestingsval og stortings- sametingsval på ein god måte innanfor dei lovpålagte fristar og rammer som ligg i arbeidet med val.

Skape eit godt og utviklande arbeidsmiljø for dei tilsette.

7.2.21 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

- Vere med på å bygge opp om Hareid kommune sitt omdøme
- Få relevant informasjon ut til innbyggjarane bl.a. gjennom nettsida vår
- Støtte opp om og vere med på å gi tilsette eit godt arbeidsmiljø
- Arbeide kontinuerleg for å halde fokus på sikkerheit rundt personvern

Kortsiktige mål

- Kontinuerleg utvikling av tilsett portal og innbyggjarportal
- Innføring av ny innbyggjarportal – interkommunalt prosjekt ferdig sommar 2013
- Utsending av møtedokument elektronisk – få flyten til å gå betre
- Gjer beredskapsplanen kjend i organisasjonen. Som følgje av dette ta i bruk og gi opplæring i elektronisk beredskapssystem og gjennomføre skrivebordøving.

- Sikkerhetsansvarleg - få på plass behandlaroversikt og sikkerheitshandbok. Hjelpe organisasjonen i utarbeiding av interne rutinar.
- Gjennomføre stortings- og sametingsvalet på ein god måte
- Gjer fleire arkivdelar fullelektronisk
- Saman med sektor for oppvekst få kvalitetslosen med avvikshandsaming innført innan februar 2013

Strategiar:

Samarbeid i kommuna og på tvers av kommunane for å få mest muleg effektiv tenesteyting.

7.2.22 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	5 615 817	5 615 817	5 615 817	5 615 817
Inntekter	- 1 331 226	- 1 331 226	- 1 331 226	- 1 331 226
Netto utgifter	4 284 591	4 284 591	4 284 591	4 284 591

Tiltak/avgang drift

Det er budsjettdekning på ansvar 1570 til årlege driftsutgifter til ny portal på kr. 26 000.

Tiltak/avgang investering

Portal – det er satt ned ei interkommunal gruppe som arbeider med val av ny leverandør for innbyggjar portal. I samråd med IKT er innføring av ny portal lagt til 2013. Leverandøren vi no har sagt opp avtalen med oss i forhold til vedlikehald m.m.

Det må settast av kr. 1 200 000 til dette arbeidet i 2013, då er også einnsyn teke med i prisen (dette er ein modul som gjer postlister og politiske møtedokument synlege på innbyggjarportalen vår).

Økonomi og Finans

7.2.23 Beskriving av avdelinga

Økonomi og Finans er samansett av følgjande ansvarsområde og budsjetttramme:

- Økonomiavdeling kr. 2 986 251 (netto utgift for drift av økonomiavd.)
- Tilleggsøyvingar kr. 100 000 (Til disp. for formannskapet)
- Landbrukskontor kr. 793 097 (Tilskot til interkommunal t selskap)
- Momskompensasjon inv. kr. -260 000 (netto inntekt frå investering)
- Finans kr.-220 308 198 (netto til disp. for tenestesektorane)

Avdelinga skal gjennom økonomiavdeling på ein effektiv måte produsere skatterekneskap, kommunerekneskap, innkrevjing av skatt og kommunale krav, finans- og gjeldsforvaltning, og stå føre driftsbudsjettering og rapportering til lokale- og sentrale myndigheiter, samt utvikle og drifte elektronisk verktøy for nemnte fagfunksjonar. Økonomiforvaltninga skal vidare vere støttefunksjon i budsjettprosessar og økonomiske utfordringar i kommuneorganisasjonen.

Avdelinga forvaltar gjennom skatt- og finansområdet store fellesressursar gjennom

- skattar og avgifter på ca. kr. 439 mill.
- gjeldsforvaltning på ca. kr. 330 mill.
- frie driftsinntekter på ca. kr. 250 mill.

som skal stå til disposisjon for finansiering av tenesteproduksjonen i fagsektorane og utvikling av kommunal infrastruktur.

7.2.24 Hovudutfordringar

- Vidareutvikle rutinar og elektronisk verktøy for å nå best mogleg effektiv produksjon og sentralt fastsette mål om «e-kommune», bl.a. elektronisk mottak og utsending av faktura.
- Bidra i prosessar for å få korrigere inn betre balanse mellom utgifter og tilgjengelege inntekter, og på det vis bidra til ein meir berekraftig kommuneøkonomi i åra fram over.
- Ha fokus på eininga sin eksistens og oppgåver, samtidig med overordna strategiar og utgreiingar om ev. lokal avviking og samanslåing til interkommunalt selskap.

7.2.25 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

Produsere rekneskapstenester i samsvar med gjeldande forskrifter og reglement, og som tilfredsstiller kommunen og staten sine krav og behov.

Kortsiktige mål

Implementere – komande – uttrykt mål og strategi i «Forpliktande plan for å skape ein berekraftig balanse i kommuneøkonomien», som skal bidra til å kome ut av ROBEK, jf. forskriftsmessig krav og Fylkesmannen - som tilsynsmynde - sine forventningar.

Strategiar:

Søke effektivisering av produksjonsprosessane gjennom kompetansebygging saman med interkommunalt samarbeidsmiljø og leverandørar av fagsystem.

7.2.26 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2015	2016
Utgifter	33 041 425	32 818 245	26 843 245	26 944 565
Inntekter	-249 730 274	-249 345 094	-249 210 094	-249 216 414
Netto inntekt	-216 688 849	-216 526 849	-222 366 849	-222 271 849

Tiltak

Økonomiavdelinga vil – grunna langtidssjukmelding og permisjon – søke å nedbemanne med ca. 0,5 årsverk – mot å gå over til ekstern trykking og utsending av faktura, og noko seinare ta bruk elektronisk handsaming av inngåande og utgåande faktura.

Vidare vil det venteleg bli sett i gang prosess for kjøp og etablering av ny driftsbank-avtale.

Resultateininga NAV sosial

7.2.27 Beskriving av resultateininga

Dette rammeområdet omfattar dei lovpålagde kommunale oppgåvene i NAV i tillegg til barneverntenesta.

NAV Hareid skal ha eit samla tenestetilbod til innbyggjarane i kommunen og tilby tenester som tidlegare vart gitt av NAV arbeid, NAV trygd, samt ei rekkje lovpålagde tenester frå den kommunale sosial- og barneverntenesta. Ved å samordne desse tenestene er målet å gje innbyggjarane eit betre tilbod enn det vi greier kvar for oss. Eit av hovudmåla med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad.

Det lovpålagde tilbodet frå sosialtenesta er: råd og rettleiing til sosialt vanskelegstilte, kvalifiseringsprogram for å få langtidsmottakarar av sosialhjelp i arbeid, økonomisk stønad til vanskelegstilte i ein overgangsperiode, gjeldsrådgjeving og hjelp til å skaffe midlertidig husvære.

Barneverntenesta si oppgåve er å sikre at alle barn og unge skal ha omsorg, tryggleik og høve til god utvikling. Barnevernet skal verne barn og unge mot omsorgssvikt og motverke at dei lid fysisk

og psykisk overlast. Vert barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til, straks å undersøke korleis barnet har det og om det må setjast i verk tiltak. Etter lova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå meldinga snarast og eventuelt gjennomføre ei nærare undersøking innan 3 månader.

7.2.28 Hovudutfordringar

I Hareid har vi tatt mot relativt mange flyktningar, i tillegg til at det er ein del utanlandske arbeidssøkjjarar som er busett i vår kommune. Dette har både positive og negative konsekvensar. Det er ei utfordring å kvalifisere denne gruppa, språkleg og fagleg til å kome i ordinært arbeid og forsyte seg og familien sin.

Barnevernet si største utfordring er å halde dei lovpålagde fristane og ha høveleg tilgang til gode hjelpe- og omsorgstiltak der dette trengst.

7.2.29 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

Gje innbyggjarane i kommunen eit kvalitativt godt tilbod og gode tenester og som er i samsvar med det som lovverket pålegg oss og som innbyggjarane har krav på.

Kortsiktige mål

Mål 1. Barneverntenesta skal redusere talet på fristoverskridingar etter 3 og 6 månader i høve tala for 2012.

Mål 2. Ungdom under 24 år skal ha eit individuelt tilpassa tilbod og berre unntaksvis og i korte periodar få utbetalt økonomisk sosialhjelp.

Mål 3. Talet på sosialhjelpsmottakarar med økonomisk sosialhjelp som einaste inntekt skal reduserast i høve tala for 2012.

Mål 4. Personar med alvorlege gjeldsproblem skal få tilbod om hjelp frå gjeldsrådgjevar til ø løyse desse innan rimeleg tid.

Strategiar:

Det er behov for ei ny 100 % stilling som sakshandsamar i barnevernet i 2013.

Det bør satsast på god tilgang til aktuelle hjelpetiltak i barnevernet.

Det er ønskjeleg at dei kommunale tenestene i NAV vert spissa og reindyrka og at målet: Arbeid først, vert løfta opp.

Ordninga med bustadsosialt arbeid må forlengast.

Det interkommunale samarbeidet om gjeldsrådgjeving må halde fram.

7.2.30 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	13 139 757	12 844 757	12 844 757	12 844 757
Inntekter	-1 346 881	-1 051 881	-1 051 881	-1 051 881
Netto utgifter	11 792 876	11 792 876	11 792 876	11 792 876

7.3 Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling

7.3.1 Beskriving av sektoren

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling omfattar desse resultateiningane:

- Ressurssenteret -10,98 årsverk
- Biblioteket - 1,55 årsverk
- Hareid Musikk- og Kulturskule - 4,5 årsverk
- Hareid sokn - 5,7 årsverk
- Kulturavdelinga - 1,82 årsverk

Einingane vert leia av einingsleiar med fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til kommunalsjef.

7.3.2 Hovudutfordringar

Sektoren vil arbeide langs fleire linjer i året som kjem:

1. Vidareutvikling av dei faste kulturelle institusjonane i Hareid, arbeide med kulturminne, synleggjere vår nære kulturarv. Styrke ungdommens identitet med det kulturelle livet, profilere og oppmuntre kulturell aktivitet mellom unge og arbeide for tenlege anlegg og tilrettelegging av område for leik, idrett og friluftsliv
2. Betre tilbodet ved Hareid folkebibliotek i form av utvida litteraturformidling og tilrettelegging for nye media
3. Hareid sokn skal etter § 1 i Kyrkelova legge forholda til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i kyrkjelyden vår. Soknet har ansvaret for drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegard. I tillegg til det gjennomgåande arbeidet med gudstenester, gravferder, trusopplæring og diakonalt arbeid, har vi pga. små økonomiske ressursar to store utfordringar:
 - a. god forvaltning av kyrkje og kyrkjegard
 - b. god leiing, inkl. økonomistyring, sakshandsaming og personalansvar
4. Arbeidsinnvandrarar er ei gruppe som etterspør norskopplæring i stigande grad. Denne gruppa må betale opplæringa sjølv. Ressurssenteret er tilbydar av kveldsundervisning for desse, og har kontinuerleg eitt til to kurs gåande.

7.3.3 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

- Arbeide for å legge forholda til rette for det etablerte kulturlivet, støtte det frivillige lagsarbeidet i bygdene våre og arbeide for positiv omdøme-bygging av kulturkommunen Hareid
- Utvikle det kulturhistoriske Hareid; fornminne, kulturminne, nyare tids kulturminne
- Arbeide for å auke romkapasiteten ved musikk/kulturskulen.
- Knytte ein barnebibliotekar til folkebiblioteket for å styrke litteraturformidlinga til born og unge og vidareutvikle biblioteket som lokal formidlingsarena/møteplass og betre medietilbodet ved biblioteket
- Hareid kyrkje skal vere ei kyrkje som er vedkjennande, misjonerande, tenande og opa gjennom å
 - utvikle eit rikt og variert gudstenesteliv i møte med menneske sin kvardag
 - gi tilbod om trusopplæring til alle medlemmer, med særleg vekt på døypte i alderen 0–18 år
 - vere ei kyrkje der unge opplever seg som ein fullverdig del av fellesskapet, og vert utfordra gjennom forkynning og vegleing til tru og trusliv
 - støtte og vise omsorg for menneske som lid, og kjempe for fred, forsoning og rettferd
- Vi treng ei kyrkje tilpassa behova til dei som nyttar henne – frå vogge til grav
- Vi treng ein kyrkjegard som vert forvalta slik at sørgjande og andre opplever at det er godt å vere der

- Ressurssenteret: Vaksne grunnskuleelevar med rettar heimla i Opplæringslova § 4A-1, får opplæring ved senteret. For å få større læringsmiljø og betre økonomi i tilbodet, tilbyd vi andre kommunar å kjøpe denne tenesta ved Ressurssenteret.
- Spesialopplæring etter § 4A-2 i Opplæringslova, er lokalisert til Ressurssenteret. Det er 8 personar som får spesialopplæring på grunnskulens område ved inngangen av langtidsperioden. Elevtalet vil truleg halde seg stabilt gjennom heile perioden, då avgangen er like stor som tilgangen.
- Flyktningkontoret si hovudoppgåve er å busette og integrere flyktningar i Hareid i tråd med gjeldande kommunestyrevedtak. Kommunen kan ha inntil 50 personar som til ei kvar tid utløyser integreringstilskot. Tilskotet må m.a. finansiere kostnader med nybusette personar som t.d. grunnskuleopplæring, miljøarbeid og intro-stønad.

Kortsiktige mål

- Arbeide med lokal registrering av kulturminne
- Vidareutvikle det digitale kulturminneatlas for Hareid kommune
- Musikk- og kulturskolen: auka tilførsel av ressursar for å minske ventelistene
- Biblioteket: behalde dei gode opningstidene og ferdigstille fornying av lokala med m a ny ungdomsavdeling
 - gjennomføre nynorskprosjektet "Språket i Hareid" i samband med Ivar Aasen-jubileet 2013
- Hareid sokn har som mål for 2013:
 - utbygging av byggesteg 1 på utvida kyrkjegard
 - drenering av barnegravfeltet
 - lys på parkeringsplassen
 - nytt golv i kyrkja
 - nytt varmesystem i kyrkja
- Ressurssenteret/vaksenopplæringa sin hovudaktivitet er opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Hovudutfordringa blir bortfall av inntekter frå andre halvår 2013. Då skal Volda kommune, som har kjøpt tenester på området norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar, ta over opplæringa sjølv. Dette må kompenseras med nedbemanning og ved større innsats på andre opplæringstiltak, t.d. BKA-kurs (Basiskompetanse i Arbeidslivet), der kommunen kan få tilført ganske stort statstilskot.

Strategiar:

- Arbeide med vidareutvikling av dei faste kulturelle institusjonane i Hareid
 - kulturminne, synleggjere vår nære kulturarv
 - styrke kulturelle aktivitetar, profilere og oppmuntre kulturell aktivitet mellom unge
 - tenlege anlegg og tilrettelegging av område for leik, idrett og friluftsliv
- Biblioteket: auke personalressursane, samt knytte fleire tilkallingsvikarar til biblioteket
- Soknet: ferdigstille ny bruksplan for kyrkja og søknad til biskopen om å få denne godkjent. Soknet er elles avhengig av kommunen for å oppnå målsettinga, gjennom praktisk arbeid og/eller løyving av økonomiske midlar.

7.3.4 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	2 941 759	3 059 759	3 059 759	3 059 759
Inntekter	-1 240 723	-1 240 723	-1 240 723	-1 240 723
HAREID MUSIKK- OG KULTURSKULE	1 701 035	1 819 035	1 819 035	1 819 035
Utgifter	13 004 268	13 004 268	13 004 268	13 004 268
Inntekter	-9 244 296	-9 244 296	-9 244 296	-9 244 296
RESSURSSENTER	3 759 972	3 759 972	3 759 972	3 759 972

Utgifter	800 879	800 879	800 879	800 879
Inntekter	-2 261	-2 261	-2 261	-2 261
KULTURKONTOR	798 618	798 618	798 618	798 618
Utgifter	1 114 768	1 114 768	1 114 768	1 114 768
Inntekter	-14 696	-14 696	-14 696	-14 696
BIBLIOTEK	1 100 071	1 100 071	1 100 071	1 100 071
Utgifter	2 107 488	2 107 488	2 107 488	2 107 488
Inntekter	-429 725	-429 725	-429 725	-429 725
KULTURTILTAK	1 677 763	1 677 763	1 677 763	1 677 763
Utgifter	655 000	655 000	655 000	655 000
Inntekter	-573 800	-573 800	-573 800	-573 800
NÆRINGSTILTAK	81 200	81 200	81 200	81 200
Utgifter	3 045 000	3 120 000	3 725 000	3 710 000
TRUSAMFUNN	3 045 000	3 120 000	3 725 000	3 710 000
SEKTOR NÆRING KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING				
Netto utgifter	12 163 659	12 356 659	12 961 659	12 946 659

7.4 Sektor for kommunalteknisk drift

Kommunaleigedom - FDV

7.4.1 Beskriving av eininga

Resultateining kommunal eigedom – FDV har følgjande ansvarsområde:

- Administrasjonsbygg
- Barnehagar
- Kulturbbygg
- Helseinstitusjonar
- Industribbygg
- Skuler
- Utleigebustader

- Ansvarlig for gjennomføring av pålagde brannverntiltak
- Ansvarlig for vedlikehold på bygningsmassen
- Ansvarlig på «E-fokus» og energioppfølging
- Ansvarlig for kontraktar/ økonomi ved utleige av leilegheiter
- Ansvarlig for reinhold av formålsbygg
- Delta i utarbeiding av beredskapsplaner for bestemte områder
- Kontaktansvarlig mot KLP vedr. forsikringsspørsmål (for vårt område)
- Prosjektlear og byggeleiar på byggeprosjekt
- Utvikling og utarbeiding av nye prosjekt

Ansvarsområda blir leia av einingsleiar, samt leiande reinhaldar og leiande vaktmeister.

Einingsleiar har ansvar for økonomi og personalansvar.

Sektoren har 17,1 årsverk fordelt på 22 personer. Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef.

7.4.2 Hovudutfordringar

Yte best mulig vedlikehald på bygningsmassen med dei ressursane vi har.

Samarbeide best mulig med brukarane, der ein også har forståing for at behova er noko større enn disponible ressursar.

7.4.3 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

Bygningsmassen til kommunen bør ha ein normalt god standard.

Ha ein bygningsmasse som ikkje har høg alder, og som ikkje treng kostbart vedlikehald.

Utarbeide ein 5-årsplan for bygningsmassen for vedlikehald, slik at ein kan arbeide meir forutsigbart og planmessig i framtida.

Kortsiktige mål

Gå i gang med nye rutinar vedr. ettersyn/ vedlikehald.

Oppstart med nytt dataprogram, som vil gi mykje betre oversikt over bygningsmassen,

planmessig vedlikehald, reinhaldsrutinar, vesentleg betre oversikt over utleigeobjekta.

Strategiar:

Bruke pengar på vedlikehald der det er viktig.

Lage ein plan for kva kommunen skal bygge for framtida.

Fokus på energisparing – framtidas bygningar vil ha større krav til energibruk.

7.4.4 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
Utgifter	12 954 893	12 954 893	12 954 893	12 954 893
Inntekter	-8 332 361	-8 332 361	-8 332 361	-8 332 361
Netto utgifter	4 622 532	4 622 532	4 622 532	4 622 532

Resultateining kommunalteknikk og VAR

7.4.5 Beskriving av eininga

Sektor for kommunalteknikk og VAR har følgjande ansvarsområde:

- Administrasjon
- Vegar og gater
- Gatelys
- Park / grøntanlegg / idrettsanlegg
- Hamnevesen
- Vassforsyning
- Kloakknett
- Slamtøming
- Renovasjon

Dei 9 ansvarsområda vert leia av ein einingsleiar som har økonomi og personalansvar i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Totalt 10 tilsette. Einingsleiar rapporterer til kommunalsjef.

7.4.6 Hovudutfordringar

Å yte gode nok tenester med dei resursane vi rår over.

Å bygge ut ein god infrastruktur.

7.4.7 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

Sikre god og sikker vassforsyning – gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsplan

Bygge ut avløpsnett i samsvar med godkjend avløpsplan

Revidere avløpsplan i perioden 2013-2016

Revidere trafikktryggingsplan

Utarbeide plan og handlingsprogram for vegvedlikehaldet

Utarbeide plan og handlingsprogram for park- og grøntvedlikehald

Hareid hamn – Oppretthalde ISPS godkjenninga

Kortsiktige mål

Gjennomføre utbyggingstiltak i samsvar med vedteken handlingsplan/økonomiplan

Etablere rutinar for kontinuerlig ajourhald KT

Skilte resterande del av kommunen

Trafikktryggingsplan – Gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsprogram

Digitalisering av alt eksisterande leidningsnett

Gjennomføre krav til Internkontrollsystem for vatn og avløp (IKS), HMS

Strategiar:

Vidare utbygging av leidningsanlegg

Plan for utbygging ihht. overordna vegplan

Kvalitetssikring av vassforsyning

Gjennomføre tiltak i samsvar med overordna miljøkrav

7.4.8 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2014	2016
6500 KOMMUNAL TEKNIKK				
Utgifter	5009829	5009829	5009829	5009829
Inntekter	-942435	-942435	-942435	-942435
Netto utgifter	4067395	4067395	4067395	4067395
6550 SJØLVKOSTOMRÅDE				
Utgifter	15152583	15152583	15152583	15152583

Inntekter	-15264774	-15264774	-15264774	-15264774
Netto utgifter	-112191	-112191	-112191	-112191

7.5 Sektor for oppvekst

7.5.1 Beskriving av sektoren

Sektor for oppvekst har følgjande einingar:

- | | |
|--|--------------|
| • Bigset barnehage | 13 årsverk |
| • Hareid barnehage | 7,7 årsverk |
| • Syverplassen barnehage | 19 årsverk |
| • Bigset skule | 13,4 årsverk |
| • Hareid skule | 29 årsverk |
| • Hjørungavåg skule | 11,4 årsverk |
| • Hareid ungdomsskule | 29,4 årsverk |
| • Oppvekstkontor – administrativ teneste | 3 årsverk |

Einingane vert leia av einingsleiar med fag-, økonomi, og personalansvar. Einingsleiarane rapporterer til kommunalsjef.

Sektoren har totalt 125,9 årsverk fordelt på 157 personar.

7.5.2 Hovudutfordringar

- Rekruttering, kompetanse og kvalitet.

Rekruttering av pedagogisk personale vert ei stor utfordring i tida som kjem. Særleg gjeld dette barnehage. For å skaffe kvalifisert arbeidskraft, må Hareid kommune framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar, og einingane må framstå som gode arbeidsplassar.

Det vil til eikvar tid vere behov for fagleg oppdatering av personalet for at dei skal kunne ivareta oppgåvene på ein god måte. For skulane må kompetanse og fagkunnskap på fag som spesialpedagogikk, språk og realfag prioriterast både ved kompetanseutviklingstiltak og ved rekruttering. For barnehagane er mangelen på pedagogisk personale aukande.

- Drift i samsvar med budsjett.

Skuleområdet har dei siste åra hatt relativt stort overforbruk i høve budsjett. Med drift og struktur som i dag, vil dette framleis vere situasjonen om budsjettet vert verande på dagens nivå. Når det gjeld barnehage, har utviding av plassar ved alle barnehagane ført til behov for auka budsjett for komande år. Viser elles til Forpliktande plan.

7.5.3 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål

1. Å yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren.

Opplæringslova § 1-1:

"Opplæringa i skole skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida, og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som og kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilte si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen skal møte elevane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast."

Barnehagelova §1:

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnets behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og

humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barn skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

2. Syte for tilstrekkeleg og kompetent personale i alle stillingar også i åra som kjem, då pedagogisk personale generelt vert mangelvare på landsbasis.
3. Drift og struktur som er føreseieleg og i økonomisk balanse.
4. God kvalitet i alle ledd.

Kortsiktige mål

- Balanse mellom budsjett og rekneskap
- Rekrutteringstiltak
- Styrke leiarskap på alle nivå i sektoren
- Kompetanseheving, særleg innan spesialpedagogiske emner
- Utarbeide skulebruksplan

Strategiar:

- ❖ Endeleg vedteke budsjett for einingane vil vere avgjerande for omfang av tiltak for å oppnå balanse mellom budsjett og rekneskap. Med bakgrunn i den stramme økonomiske situasjonen Hareid kommune er i, er det grunn til å tru at større tiltak vil verte nødvendige. Ein må søkje å gjere innsparingstiltak utan å kome i konflikt med lovverk, og som i minst mogleg grad får negative følgjer for kvaliteten i tenestene. Både brukarar og tilsette må takast i vare. Nødvendige tiltak vil verte gjort i samråd med einingsleiar, tillitsvalde og personalleiar, og i samsvar med politiske vedtak.
- ❖ Rekrutteringstiltak vil verte iverksette både lokalt og i samarbeid med kommunane i Sjustjerna. Hareid kommune deltar i rekrutteringstiltak ved Høgskulen i Volda. Gode ambassadørar i eigne tilsette er viktig.
- ❖ Einingsleiarane har fått eit utvida ansvar for økonomi og personal etter omorganiseringa, noko som set større krav til leiing. Eit opplæringsprogram er under utarbeiding for alle einingsleiarane i kommunen.
- ❖ Plan for kompetanseutvikling for skule er under arbeid, barnehage har gjeldande plan. Etterutdanningstiltak er planlagt både i samarbeid med Sjustjerna, og lokalt i Hareid kommune. Det vert søkt om kompetansemidlar frå sentralt hald.
- ❖ Skulebruksplan skal utarbeidast i 2013. Ekstern aktør er tenkt leigd inn til å utføre arbeidet i nært samarbeid med skuleansvarlege lokalt.

7.5.4 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Utgifter / inntekter	2013	2014	2015	2016
OPPVEKSTKONTOR				
Utgifter	22 831 052	22 681 052	22 831 052	22 831 052
Inntekter	- 239 815	- 239 815	- 239 815	- 239 815
Netto utgifter	22 591 236	22 291 236	22 291 236	22 291 236
BIGSET SKULE				
Utgifter	10 092 109	10 092 109	10 092 109	10 092 109
Inntekter	-1 601 732	-1 601 732	-1 601 732	-1 601 732
Netto utgifter	8 490 378	8 490 378	8 490 378	8 490 378
HAREID SKULE				
Utgifter	19 377 853	19 377 853	19 377 853	19 377 853
Inntekter	-2 013 931	-2 013 931	-2 013 931	-2 013 931
Netto utgifter	17 363 922	17 363 922	17 363 922	17 363 922
HJØRUNGAVÅG SKULE				

Utgifter	7 798 941	7 798 941	7 798 941	7 798 941
Inntekter	-746 176	-746 176	-746 176	-746 176
Netto utgifter	7 052 764	7 052 764	7 052 764	7 052 764
HAREID UNGDOMSKULE				
Utgifter	20 064 739	20 064 739	20 064 739	20 064 739
Inntekter	-1 032 734	-1 032 734	-1 032 734	-1 032 734
Netto utgifter	19 032 005	19 032 005	19 032 005	19 032 005
BIGSET BARNEHAGE				
Utgifter	6 664 096	6 664 096	6 864 096	6 864 096
Inntekter	- 972 604	- 972 604	- 972 604	- 972 604
Netto utgifter	5 691 493	5 691 493	5 891 493	5 891 493
HAREID BARNEHAGE				
Utgifter	4 329 469	4 329 469	4 329 469	4 329 469
Inntekter	- 975 210	- 975 210	- 975 210	- 975 210
Netto utgifter	3 354 259	3 354 259	3 354 259	3 354 259
SYVERPLASSEN BARNEHAGE				
Utgifter	8 373 896	8 373 896	8 373 896	8 373 896
Inntekter	-1 935 456	-1 935 456	-1 935 456	-1 935 456
Netto utgifter	6 438 440	6 438 440	6 438 440	6 438 440
SEKTOR FOR OPPVEKST				
Netto utgifter	90 014 498	89 864 498	91 414 498	91 414 498

7.6 Sektor for velferd

7.6.1 Beskriving av sektoren

Sektor for velferd har følgjande einingar:

• Helse og koordinerande eining.	→	11,1 stillingsheimel
• Bu- og habiliteringsteneste	→	19,0
• Korttidsavdeling – sjukeheim	→	18,6
• Langtidsavdeling – sjukeheim	→	18,8
• Heimeteneste 1 – heimesjukepleie	→	15,7
• Heimeteneste 2 – omsorgsbustadar og praktisk bistand		11,2
• Kjøkken	→	6,6
• Velferds kontor – sektorovergripande, administrativ teneste.		2,0

Dei 7 einingane vert leia av ein einingsleiar som har økonomi og personalansvar i tillegg til fagleg ansvar for si eininga. Dei rapporterer til kommunalsjef.

Sektoren yter heildøgns teneste og har totalt 103 årsverk fordelt på ca. 150 personar.

7.6.2 Hovudutfordringar

- Å ivareta samhandlingsreforma sine intensjonar om å overta oppgåver frå sjukhusa.
- Å auke fokus og ressursinnsats på rehabilitering, førebyggjande og helsefremjande tiltak for å minske trykket på behandlande helse- og omsorgstenester.
- Å organisere og dimensjonere tenestene på ein slik måte at dei som treng det mest får naudsynt hjelp til rett tid.
- Å samhandle på tvers av einingar på ein strukturert, effektiv og koordinert måte. Dette for at personar med kroniske og samansette lidningar, demens, psykiske problem, psykiatri og rus får forsvarleg helsehjelp.
- Å gi avlastning til familiar som har særleg tyngande omsorgsutfordringar.
- Å gi tilsette tid og rom til kompetanseheving og utvikling av nye og betre arbeidsmåtar.
- Manglande økonomiske ressursar for å oppretthalde dagens tenester.
- Hareid kommune sin særskilte økonomiske situasjon gir ekstra utfordringar ved oppfølging av politiske styringssignalar samtidig med utøving av forsvarlege tenester og god nok personalomsorg.

7.6.3 Mål og strategiar

Overordna og langsiktige mål (jf. Omsorgsplan 2015)

HOVUDMÅL 1:

Innbyggjarane skal oppleve eit tilgjengeleg, samordna og høgt kvalifisert offentleg hjelpeapparat anten behovet er omsorg, behandling, bistand til meistring eller førebygging.

HOVUDMÅL 2:

Brukarane skal oppleve tryggleik og ein livskvalitet som er prega av respekt, eigenverd og rett innanfor moglege ramme til sjølv å bestemme over eigen livsførsel.

HOVUDMÅL 3:

Det skal som hovudregel ikkje vere ventetid på heildøgns pleie og omsorg når kriteria for slike teneste er oppfylt

Kortsiktige mål

- Å auke fokus på førebyggjande tiltak blant born og unge ved hjelp av helsestasjon og skulehelseteneste.
- Å utvikle førebyggjande innsats i eit folkehelseperspektiv ved større brukarmedverknad og samarbeid med Frivillege organisasjonar.
- Tidleg innsats (kvardagsrehabilitering) særleg hos heimebuande eldre

- Tidleg innsats (rehabilitering) hos eldre personar etter sjukehusopphald både i eigen heim og ved opphald i sjukeheim med utskriving som mål.
- Vurdering av naudsynt helsehjelp og praktisk bistand må ha fokus på at pasient/brukar skal få forsvarleg hjelp.
- Å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus frå første dag.
- Å gi tilbod om øyeblikkeleg hjelp i sjukeheim til pasientar som treng akutt heildøgns omsorg, men ikkje treng innlegging i sjukehus.
- Gi trygg og god omsorg til pasientar som ikkje lenger kan bu i eigen heim.
- Så langt råd gi einerom til dei som har vedtak om langtids plass.
- Å gi avlastning til familiar som har store omsorgsutfordringar i heimen
- Opprette ansvarsgrupper og utarbeide tiltaksplan for brukarar med samansette og langvarige behov for kommunale tenester.
- Å tilpasse tenestene til budsjetttrammer som er vedteke av kommunestyret.

Strategiar

Omsorgsplanen vart vedteke 15.12.2011. I planen heiter det at talet på sjukeheims plassar skal oppretthaldast, mens venta vekst i omsorgsbehov skal verte dekt gjennom utbygging av heimetenester og omsorgsbustadar. Våren 2012 vedtok kommunestyret at 8 plassar skal leggjast ned, noko som ein ikkje har makta å gjennomføre.

For å minke trykket på institusjonsplassar er den sentrale strategien:

- Å auke fokus på rehabilitering, habilitering og hjelpe flest mogleg til å bu i eigen heim ved
 - Tverrfagleg innsats med fokus på korleis eldre kan hjelpe seg sjølv. (kvardagsrehabilitering) og samtidig vere trygg på å få helsehjelp når det er naudsynt.
 - Haldningsarbeid både hos leiarar, medarbeidarar og innbyggjarane.
 - Tildeling av tenester skal ha fagleg fokus på forsvarlege tenester og LEON-prinsippet (lavast effektive omsorgsnivå)
 - Ved innlegging i sjukeheim skal rehabiliteringspotensialet vurderast av eit tverrfagleg team innan ei veke etter innskriving. Tiltaksplan skal utarbeidast.

For å auke fokus på førebyggjande og helsefremjande arbeid er den sentrale strategien:

- Helse- og koordinerande eining har eit særleg ansvar for førebyggjande og helsefremjande arbeid ved
 - Tidleg innsats med helseopplysning og hjelp til familiar med born.
 - Samarbeide tett med barnehage og skule om førebyggjande tiltak blant born og unge.
 - Fremje rehabilitering og habilitering blant personar med psykiske lidingar.
 - Tilsette med spisskompetanse i eininga skal dele sin kompetanse på tvers i sektoren og ta del i tverrfagleg samarbeid.
 - Til dels skal spisskompetansen integrerast i alle einingar, men særleg i heimetenestene og sjukeheim.
 - Koordinere og samarbeide med alle sektorar og frivillege organisasjonar om folkehelsearbeidet.

For å gi gode nok tenester til personar med utviklingshemming og familiar med særleg tyngande omsorg for born under 18 år, må Bu- og habiliteringstenesta

- Verte dimensjonert for å yte hjelp til desse i form av
 - Rett og nok bygningsmasse. Oppstart av prosjektering.
 - Arbeide for å sikre økonomiske ressursar til faste stillingar.
 - Auke og tilføre rett kompetanse, særleg gjeld dette vernepleiarar.

For å behalde, rekruttere og ha rett kompetanse til dei tenestene sektor for velferd skal yte er den sentrale strategien:

- Alle leiarar skal utøve relasjonsleiing og vere pådrivar for fagleg utvikling for sine tilsette ved
 - Ha open dialog med medarbeidarane om jobbrelatert spørsmål og tilhøve elles som påverkar arbeidskvardagen til den einskilde
 - Å myndiggjere sine medarbeidarar for å skape jobbtrivsel og gi tillit til den kompetansen kvar einskild sit inne med.

- Å motivere og stimulere til at flest mogleg ønskjer å utvikle seg sjølv i arbeidet og ta ansvar for eiga læring.
- At leiarane tek ansvar for eiga utvikling, læring og eininga sitt arbeidsmiljø.
- Vere pådrivar for eininga si hovudoppgåve i tenestytinga i sektoren.

For å handtere dei stramme økonomiske rammene og følgje opp politiske styringssignal, er det sentrale strategien

- At leiarane får naudsynt oppfølging og motivasjon til å takle både tenestefaglege, økonomiske og personalmessige utfordringar ved
 - Opplæring i budsjett og økonomiarbeid og handtere elektronisk verkty til formålet.
 - Rapportere munnleg og skriftleg om utfordringar i høve økonomi og personal til / via kommunalsjef minimum ein gong pr mnd.
 - Hjelp til å prioritere oppgåver innfor økonomi, leining og fag.
 - Få og tilegne seg nok informasjon om politiske vedtak til å kunne prioritere handlingar og gjennomføring av tenester.
 - Ha høve til å delta i eksterne kurs og vidareutdanning for å hente inspirasjon og ny kompetanse i utøvinga av leiarrolla.

7.6.4 Ressursinnsats 2013 – 2016

Rammer for driftsbudsjett

Rammer for kvar resultateining 2013

Utgifter /inntekter	2013	2014	2014	2016
4000 VELFERDSKONTOR				
Utgifter	3 892 490	3 892 490	7 792 490	7 792 490
Inntekter	-436 230	-436 230	-436 230	-436 230
Netto utgifter	3 456 260	3 456 260	7 356 260	7 356 260
3010 HELSE OG KOORDINERANDE EIING Inkludert 3110-3120-3130-3140-3150-3160				
Utgifter	14 198 029	14 198 029	14 363 029	14 363 029
Inntekter	- 1 016 328	- 1 016 328	- 1 016 328	- 1 016 328
Netto utgifter	13 181 701	13 181 701	13 346 701	13 346 701
4022 LANGTIDSEININGA - SJUKEHEIM				
Utgifter	14 134 480	14 134 480	14 134 480	14 134 480
Inntekter	-4 777 814	-4 777 814	-4 777 814	-4 777 814
Netto utgifter	9 356 665	9 356 665	9 356 665	9 356 665

4023 KORTTIDSEINING – SJUKEHEIM (inkludert 4026 Samhandlingsreforma)				
Utgifter	21 301 541	21 301 541	21 301 541	21 301 541
Inntekter	-5 181 541	-5 181 541	-5 181 541	-5 181 541
Netto utgifter	16 120 000	16 120 000	16 120 000	16 120 000
Utgifter /inntekter	2013	2014	2015	2016
4025 KJØKKEN				
Utgifter	8 332 008	8 332 008	8 332 008	8 332 008
Inntekter	-2 677 356	-2 677 356	-2 677 356	-2 677 356
Netto utgifter	5 654 652	5 654 652	5 654 652	5 654 652
4031 HEIMETENESTER 1 (heimesjukepleie)				
Utgifter	13 460 043	13 470 043	12 710 043	12 710 043
Inntekter	-1 477 412	-1 477 412	-1 477 412	-1 477 412
Netto utgifter	11 982 632	11 992 632	11 232 632	11 232 632
4032 HEIMETENESTER 2 (omsorgsbustadar og praktisk bistand)				
Utgifter	5 068 292	5 068 292	5 068 292	5 068 292
Inntekter	-578 076	-578 076	-578 076	-578 076
Netto utgifter	4 490 217	4 495 217	4 495 217	4 495 217
4050 BU- OG HABILITERINGSTENESTA				
Utgifter	17 146 799	17 156 799	17 156 799	17 156 799
Inntekter	-4 595 301	-4 595 301	-4 595 301	-4 595 301
Netto utgifter	12 551 498	12 561 498	12 561 498	12 561 498
SEKTOR VELFERD				
Netto utgifter	76 793 625	76 818 625	80 123 625	80 123 625

Rammene for 2013 er for låge til å oppretthalde drift som i 2012. Viser til forpliktande plan.

8 VEDLEGG

8.1 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar

8.1.1 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – Brannvern

Feiing og tilsyn

Lovheimel:

Lov nr. 20 av 14. juni 2002 om brann- og eksplosjonsvern, § 28.

I samsvar med deflatoren i forslag til statsbudsjett legg vi fram forslag om å auke feiegebyret med 3,3 %:

Feiegebyra vert då

Betalingssatsar

Vanleg bustadhus, industri, skule, forsamlingslokale o.l. med feiing kvart 2. år og tilsyn kvart 4. år

kr. 295,-

Tillegg for ekstra pipe/pipeløp.

kr. 56,-

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 28 i Lov om brann- og eksplosjonsvern fylgjande gebyrsatsar for 2013:

Vanleg bustadhus, industri, skular, forsamlingslokale o.l. med feiing kvart 2. år og tilsyn kvart 4. år betalar ei avgift på kr. 295,- pr. år. Tillegg for ekstra pipe/pipeløp kr. 56,- pr. år.

Alle prisar skal tilleggast mva.

Dei nye gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 1.1.2013.

Eventuelt overskot skal plasserast på fond for feiing.

8.1.2 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – plan, utvikling, byggesak og geodata

Sakshandsaming etter matrikkellova

Lovheimel:

Lov nr. 101 av 17. juni 2005 om eigedsregistrering (matrikkellova) § 21, med tilhøyrande forskrift nr. 864 av 26. juni 2009. § 16

Alle satsane er oppjusterte med 3,3 %, med unntak av § 5.10.

Gebyrsatsar for arbeid etter Matrikkellova

(§ 5 i gebyrforskrift Vedteken av Hareid kommunestyre:

Gjeldande frå 01.01.2013 dato: 09.11.12

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lovens § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som følgjer:

Kostnader som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med den enkelte oppmålingsforretninga og gebyr og avgifter som kommunen skal krevje inn for statlege etatar som til dømes tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vert fakturert vidare til rekvirenten og kjem i tillegg til satsane under.

Gebyrsatsar for arbeid etter Matrikkellova

(§ 5 i gebyrforskrift vedteken av Hareid kommunestyre - satsar gjeldande frå 01.01.2013

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i matrikkellova (lovens § 32, forskriftene § 16) gebyrsatsar som opplista i § 5.1 - § 5.10

Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje tilleggast meirverdiavgift.

§5.1 Oppretting av matrikkeleining

§5.1.1 Oppretting av matrikkeleining og festegrunn

Areal frå 0 – 2000 m ² :	kr	12609,-
Areal frå 2001 -20 000m ² – auke pr. påbegynt da:	kr	549,-
Areal over 20 001m ² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000 m ²		

§5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn av uteareal på eigarseksjon

Areal frå 0 – 2000 m ² :	kr	4386,-
Areal frå 2001 -20 000m ² – auke pr. påbegynt da:	kr	549,-
Areal over 20 001m ² etter medgått tid, dog ikkje under sats for 20 000m ²		

§5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1eigarseksjon:	kr	8771,-
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr. seksjon:	kr	2742,-

§5.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr vert fastsett etter medgått tid:	Timepris	kr	549,-
	Minstegebyr	kr	12609,-

§5.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid:	Timepris	kr	549,-
Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten			

§5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festgrunn.

For areal inntil 2000 m ² :	kr	10416,-
For areal over 2000 m ² same gebyr som pkt. § 5.1.1		

§5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Satsar etter §§5.1.1, 5.1.2, 5.1.4 og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning på:	kr	3838,-
---	----	--------

§5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsane sett til 1/3 etter § 5.1 og § 5.2

§5.3 Grensejustering

§5.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²).

Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0 – 500 m ² :	kr	kr 6031,-
------------------------------------	----	-----------

§5.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigendomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m³

Volum frå 0 – 1000 m ³ :	kr	kr 6031,-
-------------------------------------	----	-----------

§5.4 Arealoverføring

§5.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Areal frå 0 – 2000 m ² :	kr	12609,-
Areal frå 2001 - auke pr. påbegynt da:	kr	549,-

§5.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 2000 m ³ :	kr	12609,-
Volum frå 2001 - auke pr. påbegynt 1000 m ³ :	kr	549,-

§5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidligare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt:	kr	1645,-
For overskytande grensepunkt, pr. punkt:	kr	549,-

§5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettigheter

For inntil 2 punkter:	kr	5482,-
For overskytande grensepunkt, pr. punkt:	kr	1096,-
Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.	Timepris	kr 549,-

Dersom alle grensene kring eigedommen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter § 5.1

§5.7. Privat grenseavtale

Gebyr vert fastsett etter medgått tid:	Timepris	kr	549,-
--	----------	----	-------

§5.8 Andre oppmålingstekniske arbeid

Gebyr for tekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal utreknast etter brukt tid:	Timeprisen	kr	549,-
Ved markarbeid vert lagt til bruk av oppmålingsutstyr:	kr		+ mva 43,-
Meirverdiavgift skal eventuelt leggst til etter gjeldande reglar.			pr. time.

§5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret

§5.10 Utferde matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider:	kr	189,-
Matrikkelbrev over 10 sider:	kr	379,-
Endring i maksimalsatsas vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.		

Etter Statens Kartverk sin indeks for kart- og oppmålingsarbeid 4. kvartal, er stigning i indeksen mellom desember 2012 og desember 2011 på 4,04 %.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i matrikkellova (lovens § 32, forskriftene § 16) gebyrsatsar som opplista i § 5.1-§5.10. Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje tilleggast meirverdiavgift.

Gebyr etter plan og bygningslova

Lovheimel:

Lov nr. 71 av 27. juni 2008 Plan- og bygningslov, § 33-1 (noverande plan- og bygningslov)

Noverande byggesaksgebyr vedteke av Kommunestyret i møte den 16.12.10 i sak PS 73/10:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova, korrigering av paragrafhenvisingane til lova og at bebyggelsesplan er teke ut av gebyrregulativet pga. den nye Plan- og bygningslova.

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova at gebyrsatsane for 2012 vert i samsvar med tabellen "Satsar for sakshandsaming etter PBL" dat. 24.10.11.

Dei nye gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 1.1.2012.

Satsane etter Eigarseksjoneringslova følgjer rettsgebyret i samsvar med vårt gebyrregulativ § 17, jf. eigarseksjoneringslovas § 7.

Deflatoren i forslag til statsbudsjett er sett til 3,3 %.

Framlegg til nye satsar er lista opp i vedlagt tabell, "Satsar for sakshandsaming etter PBL" dat. 05.11.12.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova korrigering av gebyrregulativet i samsvar med ny organisasjonsplan.

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i § 33-1 i Plan- og bygningslova at gebyrsatsane for 2013 vert i samsvar med tabellen "Satsar for sakshandsaming etter PBL" dat. 05.11.12.

Dei nye gebyrsatsane vert gjort gjeldande frå 1.1.2013.

Gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2013 dato: 5.11.2012

for handsaming av regulerings-, frådelings- og byggesaker og andre tiltak etter plan og bygningslova, samt tiltak etter eigarseksjoneringslova.

Regulativet er heimla i plan- og bygningslova sin § 33-1 samt eigarseksjoneringslova § 7.

Bygge- og frådelingssaker

Gebyret er oppbygd av to element - eit grunnbeløp, og eit arealgebyr som fangar opp meirarbeidet som fylgje av storleiken på bygget/tiltaket. Satsane er lista opp i vedlagt tabell på der tiltak er gruppert etter kva omfang tiltaket har m.m.

§ 1 Gebyret dekkjer

Sakshandsaming av frådelings- og byggesaker, førehandskonferansar, dokumentkontroll, mellombels bruksløyve/ ferdigattestar og tilsyn i byggetida. Det vert i tillegg krevje gebyr for handsaming av føretak og ansvarsrettar, dispensasjon. Faktura skal sendast til tiltakshavar. Andre avtalar kan gjerast med Avdeling for Plan, utvikling, byggesak og geodata.

§ 2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vert kravet tillagt kr. 50,- for kvar purring og påslag av renter, pt.12 % pa.

§ 3 Tidspunkt for fastsetjing av gebyr

Gebyret skal utreknast snarast etter at vedtak er gjort. Dette gjeld søknadar og meldingar av alle slag.

§ 4 Handsaming av frådelings- og byggesøknad under eitt

Der det føreligg søknad om både frådeling og byggeløyve, som omhandlar same formål, kan desse handsamast under eitt. Gebyret skal då utreknast fullt for byggesaka, medan frådelingsgebyret skal halverast. (eventuelt gebyr for dispensasjon kjem i tillegg).

§ 5 Kombinerte bygg

Dersom bygget har fleire funksjonar/føremål, vert gebyret utrekna etter dei einskilde føremåla.

§ 6 Mellombelse bygningar

Ved mellombelse bygg skal det betalast fullt gebyr.

§ 7 Lokal godkjenning av føretak/Ansvarsrett

Ved første gongs lokal godkjenning av føretak, ved vesentlege endringar i føretaket, samt ved omfattande lovendringar, skal det betalast eit gebyr.

Faktura skal sendast føretaket.

For handsaming av ansvarsrettar generelt i byggesaka skal det reknast eitt gebyr pr. byggesak. Dette skal fakturerast tiltakshavar.

Der søknad om lokal godkjenning av føretak kjem inn i etterkant av at byggesøknad er godkjend, skal det reknast eit eige gebyr pr. føretak, som skal dekke den delegerte handsaminga dette medfører. Faktura skal sendast føretaket.

§ 8 Avslag

Byggesaker (gjeld søknader etter §§ 20 og 20-2): For vedtak som medfører avslag skal det betalast berre grunnbeløp for tiltak opp til 200 m². Bygg over 200 m² skal i tillegg betale eit arealgebyr i tillegg. Der det ligg føre dispensasjonssøknad som krev handsaming i hovudutvalet, skal dette fakturerast i tillegg etter ordinære satsar.

Frådelingssaker: For vedtak som medfører avslag skal det betalast fullt gebyr.

Dispensasjon frå arealplan, plan- og bygningslov og vedtekt

§ 9 Søknad om dispensasjon

For søknad om dispensasjon betalast eit gebyr tilsvarande grunngebyr for framlegg til reguleringsplan.

For søknader som er å vurdere som kurante og mindre omfattande som til dømes plassering av bygg utanfor byggelinje, overskriding av utnyttingsgrad, justering av tomtegrense og vert handsama saman med bygge- og frådelingssøknad, skal det betalast eit gebyr tilsvarande grunnbeløp for bygge- og frådelingssaker. Gebyret kjem i tillegg til gebyr for bygge-/frådelingssak.

Private reguleringsframlegg

§ 10 Følgjande søknader kan ein krevje handsamingsgebyr for:

Privat forslag til reguleringsplan eller vesentleg endring av slik plan.

(Jf. Pbl § 12-11, § 12-14.)

Privat forslag til mindre vesentleg endring av reguleringsplan (inkl. endring av reguleringsføresegnene). (Jf. Pbl § 12-14, 2. ledd)

Søknad om dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan.

§ 11. Storleiken på gebyra:

1. Reguleringsplan/vesentleg endring av reguleringsplan.

For alle forslag skal det betalast eit grunngebyr.

Avhengig av storleiken på arealet skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Følgjande reguleringsformål vert unnateke berekning av gebyr:

Friområde fråtrekt areal for bebyggelse, køyring og parkering.

Spesialområde for bevaring, friluftsområde, naturvernområde eller grav- og urnelundar.

Mindre vesentleg endring av reguleringsplan (inkl. endringar av reguleringsføresegnene).

For alle forslag skal det betalast eit fast grunngebyr.

§ 12 Særskilde bestemmelsar:

Vert heile eller deler av eit planforslag forkasta ved politisk handsaming, kan teknisk

sjef refundere inntil 50 % av den opphavlege storleik av gebyret.

Områdeleiar for Byggesak/Geodata/Brann kan vurdere avkorting, eventuelt fråfall av gebyr for søknader som er grunna i ideelle motiver eller er av allmennyttig karakter.

§ 13 Betalingsvedtekter.

Gebyret vert berekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunkt når planframlegget vert registrert.

Saka vert ikkje handsama i planutvalet før gebyr er innbetalt.

Dersom forslag som skal handsamast politisk etter offentlig ettersyn vert trekt frå vidare handsaming etter utlegging, vert 20 % av innbetalt gebyr refundert.

Gebyr for handsaming av forslag om mindre vesentleg reguleringsendring skal betalast etter at 1. vedtak er gjort i planutvalet.

Elles gjeld for saker etter PBL

§ 14 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret t.d. vert vurdert som svært urimeleg i høve til dei kostnader kommunen har hatt med saka, eller urimeleg av andre grunnar, kan avdelingsleiar for Plan, utvikling, byggesak og geodata si avgjerd fastsette gebyr i høve til dette.

§ 15 Klagerett

Avdelingsleiar for Plan, utvikling, byggesak og geodata si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i Forvaltningslova.

§ 16 Regulering av gebyret

Storleiken på gebyr etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet. Avdelingsleiar for Plan, utvikling, byggesak og geodata skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

Eigarseksjonering

§ 17 For handsaming av søknad om seksjonering / reseksjonering vert gebyr sett til 3 * rettsgebyret med eit tillegg på 2 * rettsgebyret når synfaring er naudsynt i henhold til eigarseksjonslova (ESL) sin § 7.

Dersom uteareal skal seksjonrast på ein slik måte at det etter § 9 i ESL skal utarbeidast målebrev etter reglane i delingslova, kjem gebyr for arbeid etter delingslova i tillegg.

Satsar for sakshandsaming etter plan- og bygningslova

Dato: 5.11.2012

Betalingssatsar	Grunn beløp	Gebyr pr. m2 BRA	Gebyr pr. m2 0 - 200	Gebyr pr. m2 > 200
Bustad- og fritidsbygg ei brukseining, (inkl. garasje, etc.)	kr 2 133	kr 30,17		
Bustad- og fritidsbygg Rekke, kjede, atrium-, horisontaldelt, o.l.	kr 2 133	kr 33,42		
Bustad- og fritidsbygg Tilbygg/påbygg	kr 2 133	kr 36,66		
Bustad- og fritidsbygg Ombygging(endra bruksareal), bruksendring	kr 2 133	kr 6,82		
Bustad- og fritidsbygg Fasadeendring, skifte av vindaug, tak og liknande	kr 2 133			
Andre bygg § 30-1 Nybygg	kr 2 133		kr 66,48	kr 16,86
Andre bygg §20-1 Til og påbygg	kr 2 133		kr 33,42	kr 13,28
Andre bygg §20-1 Omb/bruksendr	kr 2 133		kr 20,11	kr 13,28
Tiltak utan ansvarsrett (også landbruk) Nybygg § 20-2	kr 2 133	kr 13,28		
Tiltak utan ansvarsrett. Til/påbygg og bruksendringar §20-2	kr 2 133		kr 16,86	kr 3,57
Mellombelse bygningar – fullt gebyr tilsvarende andre bygg § 20-1	kr 2 133		kr 66,48	kr 16,86

Rev. Teikningar/tillegg/endingar, fornya byggeløyve	kr 2 133	kr 3,57	kr 6,82
Riving av bygg og anlegg Bygg < 100 m2	kr 2 133		
Riving av bygg og anlegg Bygg > 100 m2	kr 2 133	kr 3,57	
Heis, tekn.innstill., skilt, støttemurar, master,	kr 2 133		
Piper/fyringsanlegg	kr 664		
Utandørsanlegg / Anlegg (av ein viss storleik)	kr 2 993		
Anlegg i strandsona Hamner/fiskerianlegg, nyanlegg, molo, kai, flytebrygge	kr 2 993		
Anlegg i strandsona. Søknad om justering, fornying av løyve	kr 2 133		
Andre søknadspliktige tiltak etter § 20-1 (kan vere mindre bygg, div. anlegg m.m.)	kr 2 133	kr 33,42	
Utplassering av bygg/anlegg	kr 3 989		kr 6,82
Kontroll av utstikking	kr 1 830		kr 3,57
Søknad om godkj. Av foretak Har ikkje sentral godkj.1. gongs gebyr	kr 2 660		
Ansvarsrettar	kr 1 329		
Sakshandsaming av lokal godkjenning, i etterkant av godkj. byggemeld.	kr 664		
Søknad om igangsettingsløyve eit gebyr pr. søknad	kr 2 162		
Søknad om dispensasjon (kurant)	kr 2 133		
Søknad om dispensasjon	kr 6 399		
Avslag på søknad § 20-1	kr 2 133		kr 2,16
Søknad om frådeling/grensejustering	kr 2 133		

Gebyrregulativ for reguleringsaker	Grunn beløp	Gebyr pr. daa 0 - 10	Gebyr pr. daa > 10
Forslag til reguleringsplan/vesentleg endring av plan	kr 6 613	kr 1 333	kr 661
Forslag til mindre vesentleg reguleringsendring	kr 3 946		

8.1.3 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – næring, kultur og samfunnsutvikling

Gjeldande for 1. januar 2013 – 31. desember 2013

Leigesatsane gjeld for utleige til frivillige lag/organisasjonar som har inntektsgivande arrangement. Satsane er auka med 10% i høve 2012.

Hareid kommunestyre vedtek slike satsar for utleige av kulturbygg/-anlegg:

HAREIDHALLEN			
		Leigetakarar frå Hareid:	Frå andre kommunar:
1/1 hall med 2 garderober og dusj	pr. time	kr 360.-	kr. 480.-
1/1 hall utan garderober	pr. time	kr 210.-	kr 250.-
2/3 hall med 2 garderober og dusj	pr. time	kr 250,-	kr 340,-
2/3 hall utan garderober	pr. time	kr 150,-	kr 210,-
1/3 hall med 1 garderobe og dusj	pr. time	kr 200,-	kr 240,-
1/3 hall utan garderobe	pr. time	kr 120,-	kr 140,-
1 garderobe med dusj	pr. time	kr 120,-	kr 190,-
Døgnleige (meir enn 9 timar)			
A. 1/1 hall med to garderober og dusj- pr døgn		kr 3.330,-	kr 4.360,-

1/1 hall utan garderobar og dusj	kr 1.690,-	kr 2.420,-
B. 2/3 hall med 2 garderobar og dusj	kr 2.420,-	kr 3.150,-
2/3 hall utan garderobar og dusj	kr 1.210,-	kr 1.690,-
C. 1/3 hall med to garderobar og dusj	kr 1.450,-	kr 2.240,-
1/3 hall utan garderobe	kr 850,-	kr 1.150,-
1 garderobe med dusj	kr 910,-	kr 1.210,-
Amfiet pr. gong	kr 1.210,-	
Dersom vaktmeister blir kalla inn av leigetakar utanom vanleg arbeidstid, må leigetakar betale ekstra for dette.		

SYMJEHALLEN

Leigesatsar

A.	
Vaksne	kr 80,- pr gong
Born	kr 30,- pr gong
Familie	kr 120,-pr gong
Klippekort med rabatt 10 klipp	kr 240,-
B.	
Symjehall med garderobe og dusj	kr 360,- pr time
Symjehall med to garderobar og dusj	kr 396,- pr time
Badstove	kr 150,- pr time

UNGDOMSKAFEEN

Leigesats

Utleige	kr 610,- pr gong
---------	------------------

HAREID KUNSTGRASBANE

Treningstid 1,5 time	Leigetakarar frå Hareid:	Frå andre kommunar:
½ bane (60-64m)	Kr. 120,-	Kr. 1.210,-
11'ar bane (64x105m)	Kr. 190,-	Kr. 1.870,-
Kamp 2,5 time		
½ bane	Kr. 240,-	Kr. 1.540,-
Heil bane	Kr. 330,-	Kr. 2.420,-

HAREID STADION		
	Leigetakarar frå Hareid	Leigetakarar frå andre kommunar
Grasbana		
Treningstid 1,5 time	Kr. 220,-	Kr. 1.320,-
Kamp 2,5 time	Kr. 390,-	Kr. 2.420,-
Friidrettsanlegget		
Stemme pr dag	Kr. 280,-	Kr. 2.420,-
Grusbana, utleige til anna aktivitet enn idrett	Kr. 2.200,-	Kr. 6.050,-

Hareid Musikk- og Kulturskule	
Auke i avgifta på 8 % i høve 2012	Elevavgift
	2.810,-

8.1.4 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar – kommunalteknisk drift

Avløp

Lovheimel:

Del 4, kap. 11 i Forureiningsforskriften, kommunale vann og avløpsgebyrer, FOR 2004-06-01-931

Forskrift om vatn- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03

Gebyrregulativ VA for Hareid kommune, 18.12.02

Saksopplysningar:

Storleiken på avløpsgebyra skal fastsetjast årleg av kommunestyret.

Kommunestyret vedtok i sak 75/05-K at kommunen skal krevje inn gebyr for avløp utifrå sjølvkostprinsippet, slik at underskot innanfor sektoren kan framførast mot seinare overskot.

Hareid kommune har eit todelt årsgebyr for avløp. Den faste delen som er kalla "Abonnementsgebyr" skal reflektere kommunen sine faste kostnader som i hovudsak er knyta til investeringar i leidningsnett og øvrige anlegg.

Den variable delen som er kalla "Forbruksgebyr" skal reflektere kommunen sine variable kostnader som i hovudsak er knyta til utgiftene med å få samle inn og transportere bort forureina avløpsvatn. Denne delen av kostnadane er fordelt på abonnentane etter forbruk, anten stipulert eller målt (etter vassmålar).

Det er i budsjettet lagt opp til at avløpssektoren skal vere sjølvfinansierande.

Kommunestyret har den 23.05.07, sak 36/2007 godkjent hovudplan for avløp for Hareid kommune som legg opp til ein omfattande renovering av avløpsnettet. Med dei nye endringane i avløpsdelen i Forureiningsforskrifta, der prinsipielle minstekrav er relativt klart definert, vil mål og ambisjonsnivå måtte bli knytt opp mot oppdatering/opprydding i eksisterande utsleppsløyve som ikkje tilfredsstillar dei nye minstekrava.

Vedteken Handlingsplan for avløp har eit omfattande investeringsprogram frå 2007 til 2018.

Inntektene har auka som følgje av eit omfattande utbygging- og rehabiliteringsprogram som har gitt fleire abonnentar og lavare driftskostnader. Store fondsavsetningar gir grunnlag for å ikkje auke avgiftene i 2013.

Det er heller ikkje lagt opp til auke i tilknytingsavgifta som er kr. 5000,-

Avløp

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03 følgjande gebyrsatsar for avløp:

Forslag til avløpsgebyr 2013 (Gebyrregulativet pkt. 5):

Alle beløp i kroner. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Tilknytingsgebyr		
Eingongsgebyr for tilknytning pr. abonnent	Gebyr	
Årsgebyr		5 000
Abonnementsgebyr (fast årleg gebyr)	abonnementsgebyr + forbruksgebyr pr. abonnent	
Næring		658
Bustad		658
Forbruksgebyr (variabelt årleg gebyr)		
Einingspris for avløp pr m3		
Ved bruk av vassmålar:		8,80
Ved stipulert forbruk: [gj.snitt bruksareal BRA]*spesifikt forbruk*einingspris* J faktor		
Abonnentane vert plassert i aktuell gruppe etter Br. Areal der følgjande forbruksgebyr er utrekna:		
Gruppe 1	< 150 m2	1 061
Gruppe 2	150 - 299 m2	2 229
Gruppe 3	> 300 m2	2 929
Hytteabonnentar	0,5 x stipulert forbruksgebyr	

Gebyr for renovasjon

Lovheimel:

Forureiningslova, LOV 1981-03-13-6

Renovasjonsforskrift for Hareid kommune, vedteke 28.03.07

Føresegner for tøming av slamavskiljarar, tette oppsamlingstankar for avløpsvatn m.v for Hareid kommune av dato 24.06.99

Saksopplysningar:

Etter forureiningslova § 30 har kommunen plikt til å sørge for innsamling av hushaldningsavfall.

For renovasjonstenesta er det krav om full kostnadsdekning jf. forureiningslova § 34. For berekning av gebyr gjeld difor sjølvkostprinsippet, dvs. at kommunen ikkje kan subsidiere avfallsordninga, og kan heller ikkje tene på ordninga.

Det er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) som har ansvar for innsamling av hushaldningsavfall i kommunen."

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i forureiningslova § 34 slike renovasjonsgebyr:

(Alle prisar er ekskl. mva., men i prislista som skal endeleg presenterast for abonnentane vil også prisen inkl. mva. kome med. Prisen er inkl. hageavfallgebyret.)

STANDARDABONNEMENT		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå Henting annankvar veke	kr 3.078,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Standardabonnement, sekk Sekkeløysing – 30 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.078,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Redusert abonnement 140 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 18 sekkar Henting kvar fjerde veke	kr 2.678,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
STORHUSHALD		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Storhushald 240 l grøn – 240 l blå Sekkeløysing – 36 sekkar Henting annankvar veke	kr 3.378,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

HEIMEKOMPOSTERING		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Heimekompostering	Kr. 500,- i reduksjon på Renovasjonsgebyr uavhengig av type abonnement. (Max to husstandar pr. kompostbinge)	Ny ordning

ABONNEMENTSDELING		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Abonnementsdeling 140 l grøn – 240 l blå 2 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.678,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
3 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.678,-	
4 husstandar, pris pr. husstand	kr 2.678,-	
Henting annankvar veke		
Abonnementsdeling 660 l grøn – 660 l blå 5 husstandar eller meir, pris pr. husstand	kr 2.678,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Henting annankvar veke		
Tillegg for større dunk 240 l	kr 300,- pr. år pr. dunk	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Tillegg for større dunk 370 l	kr 500,- pr. år pr. dunk	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Tillegg for større dunk 660 l	kr 825,- pr. år pr. dunk	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

FRITIDSABONNEMENT		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Fritidsabonnement, dunk (ca. ¼ av standardprisen)	kr 762,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Fritidsabonnement, sekk (12 sekkar)	kr 762,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

TILLEGGSTENESTER		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Utskifting av dunkar på løpande abonnement	kr 200,- pr. gong når SSR skifta ut dunken hos abonnenten – gratis ved å levere/hente sjølv hos SSR (husk å avtale dette på førehand)	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Gebyr for ekstrahenting	kr 200,- pr. gong	Uendra pris i forhold til 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Avstandsgebyr *		
Inntil 100 meter	kr 500,-	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.
Inntil 500 meter	kr 1.000,-	
Over 500 meter	Vurderingspris	

* Avstandsgebyr for henting/tømming utanfor vanlege køyreruter – gjeld avstand frå køyreveg (som t.d. kommunevegar o.l.), og kjem i tillegg til fastgebyret. Ved avstandar over 500 meter frå køyreveg er det vurderingspris i kvart enkelt tilfelle, avhengig av vegstandard, veglengde, etc. Jf. elles forskrift for SSR, § 10, 6. avsnitt.

TILLEGG		
Type abonnement:	Gebyr 2013:	Gebyr 2012 (samanlikning):
Pris pr. sekk	kr 50,-	30 % reduksjon i forhold til 2012.
Gebyr oppstart nytt abonnement / restart av kvilande abonnement	kr 800,- pr. gong	Uendra pris i forhold til 2011 og 2012, m.a.o. realprisnedgang.

ANDRE SATSAR		
Levering til lokalmottak:	kr 1.990,- pr. tonn	Kr 1947 i 2012. 2,2 % prisauke.
Minstesum ved levering til lokalmottak:	kr 52,-	Kr. 50,- i 2012, 4 % prisauke. (inkl. mva= 65,-)
Volumgebyr inntil 0,2 m3:	kr 115,-	kr 113,30,- i 2012. 1,2 % prisauke.
Volumgebyr over 0,2 m3:	kr 425,- pr m3	Kr 422,30,- i 2012. 0,6 % prisauke.
Dekk på felg:	kr 115,-	kr 113,30,- i 2012. 1,2 % prisauke.
Dekk utan felg:	Gratis innlevering på miljøstasjonen i Saunesmarka	

Vassforsyning

Lovheimel:

Del 4, kap. 11 i Forurensningsforskriften, kommunale vann og avløpsgebyrer, FOR 2004-06-01-931

Forskrift om vatn- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03

Gebyrregulativ for vatn og avløp for Hareid kommune, 18.12.02

Saksopplysningar:

Storleiken på vassgebyra skal fastsetjast årleg av kommunestyret.

Kommunestyret vedtok i sak 75/05-K at kommunen skal krevje inn gebyr for vatn utifrå sjølvkostprinsippet, slik at underskot innanfor sektoren kan framførast mot seinare overskot.

Hareid kommune har eit todelt årsgebyr for vatn. Den faste delen som er kalla

"Abonnementsgebyr" skal reflektere kommunen sine faste kostnader som i hovudsak er knyta til investeringar i leidningsnett og øvrige anlegg. Den variable delen som er kalla "Forbruksgebyr" skal reflektere kommunen sine variable kostnader som i hovudsak er knyta til drift av vassbehandlingsanlegget og vedlikehald av leidningsnettet. Denne delen av kostnadane er fordelt på abonnentane etter forbruk, anten stipulert eller målt (etter vassmålar).

Det er i budsjettet lagt opp til at vassforsyninga skal vere sjølvfinansierende.

Rehabilitering av leidningsnettet ved utskifting av gamle asbestcimentrør har gitt positiv effekt ved langt færre leidningsbrot og lavare driftskostnader. I tillegg har vi fått mange nye abonnentar. Til saman har dette gitt svært positive driftsresultat der delar av overskotet frå fond kan tilbakeførast til abonnentane i form av lavare avgift.

Årsgebyret er redusert med ca. 10 %. Einingsprisen er redusert med ca.10 % til kr.11,82 /m3.

Det er ikkje lagt opp til endring i tilknytingsavgifta som er kr. 5000,-

Årleg vassmålarleige er redusert med ca. 10 %.

Vassforsyning

Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03, følgjande gebyrsatsar for vatn:

Forslag til vassgebyr 2013 (Gebyrregulativet pkt. 5):

Alle beløp i kroner. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

	Gebyr	
Tilknytingsgebyr		
Eingongsgebyr for tilknytning pr. abonnent (Abb.gebyr + forbr.gebyr)		5 000
pr. abonnent		
Abonnementsgebyr (fast årleg gebyr)		
Næring		2 712
Bustad		2 712
Forbruksgebyr (variabelt årleg gebyr)		
Einingspris for vatn pr m3		11,82
Ved bruk av vassmål: Einingspris * forbruk		
Ved stipulert forbruk: [gj.snitt bruksareal BRA]*spesifikt forbruk*einingspris* J faktor		
Abonnentane vert plassert i aktuell gruppe etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna:		
Gruppe 1	< 150 m2	1 245
Gruppe 2	150 - 299 m2	2 615
Gruppe 3	> 300 m2	3 440
Hytteabonnentar	0,5 x stipulert forbruksgebyr	
Årleg vassmålarleige		
Tilknytningsdimensjon: T.o.m. 3/4"		194
Tilknytningsdimensjon: 1 "		232
Tilknytningsdimensjon: 1 1/2 "		358

8.1.5 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar - oppvekst

Betalingssats for barnehage.

Regjeringa har gjort framlegg om å føre vidare gjeldande sats for foreldrebetaling, same kronesats som i 2012. Betalingssatsane vert difor ikkje endra.

Søskenmoderasjon i barnehage vert som i 2012, 40 % for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. og fleire.

Foreldrebetaling barnehage 2013

Tilbod	Sats	Sats med 40 % rabatt	Sats med 50 % rabatt
5 dg. pr. veke 100 %	2.330	1.398	1.165
4 dg. pr. veke 80 %	2.030	1.218	1.015
3 dg. pr. veke 60 %	1.630	978	815
3 dg /2 dg pr. veke 50 %	1.480	888	740
2 dg. pr. veke 40 %	1.330	798	665

Matpengane vert justert med 3,3 % til fylgjande satsar i 2013.

Matpengar 2013. (kjem i tillegg til den ordinære foreldrebetalinga)

5 dg. pr. veke 100 %	147
4 dg. pr. veke 80 %	124
3 dg. pr. veke 60 %	90
3 dg/2 dg pr. veke 50 %	73
2 dg. pr. veke 40 %	63

Satsar for betaling utover tildelt opphaldstid 2013:

Før kl. 17.00 (ordinær stengetid) Inntil 3 timar: 4 timar og meir:
Pris pr. einskildtime utover standard tilbod ved faste avtalar: kr. 60,- pr. time kr. 230.-

Etter kl. 17.00 (ordinær stengetid) Pris pr. einskildtime Pr. påbegynt

Betalingssatsar for skulefritidsordning

Satsane er regulert med 3,3 %.

Søskenmoderasjon i SFO: 40 % for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. og fleire.

Prisen for opphald i SFO inkluderer betaling for frukt/ mjølk.

Matpengar kr 135,- på begge tilbud.

Tilbud	Sats	Sats med 40 % rabatt	Sats med 50 % rabatt
25 t/v opphaldstid	2715	1630	1360
15 t/v opphaldstid	2035	1220	1015
Einskildtimar (utover avtala opphaldstid)	60		
Ferietilbud – timesats kr 40 (inkl. mat)			

Leigesatsar for skulebygg

Leigesatsane er justerte med i gjennomsnitt 10 % i høve til 2012-nivået.

Alle satsar i kroner

SKULANE	Frivillege m/inntektsgivande arrangement	Næringsliv
A Klasserom, spesialrom pr. gong/dag	190	1100
Aula, lesesal, musikkrom pr. gong/dag	550	3300
Lesesal pr. gong/dag	250	2200
Aula gang pr. gong/dag	190	2200
B Ein gymsal utan garderobe og dusj pr. gong/time	120	1100
Ein gymsal med garderobe og dusj pr. gong/time	180	1650
Ein gymsal med to garderobar og dusj pr. gong/time	210	2200

8.1.6 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar - velferd

Følgjande betalingssatsar skal gjelde frå 1.1.2013:

Hareid kommunestyre vedtek slike betalingssatsar for omsorgstenester.

Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje tillegast mva.

Betalingssatsar for heimehjelp

Inntil 2G gjeld betalingssatsen i tabellen uavhengig kor mange timar den enkelte brukar har fått tildelt.

Over 2 G er betalingssatsen kr 225,- pr. time inntil ein når satsane i tabellen. Tildelte timar utover satsane i tabellen skal ikkje brukaren betale for.

Betalingssatsar	2012	Framlegg 2013	
Inntil 2 G pr. måned – uavhengig av tildelte timar	Kr 170,-	Kr 175,-	Sentral forskrift
Over 2 G pr. måned og time	Kr 220,-	Kr 225,-	Timepris
2-3 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 880,-	Kr 890,-	Inntil 5 timar
3-4 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 1220,-	Kr 1250,-	Inntil 7 timar
4-5 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 1500,-	Kr 1550,-	
Over 5 G – maksimalsats pr. måned uavhengig av tildelte timar	Kr 1850,-	Kr 1890,-	Inntil 8 timar

Betalingssatsar for mat frå institusjonskjøkken

Betalingssatsar	Betalingssatsar 2012	Betalingssatsar 2013
Full kost pr. måned i spisesal	Kr 2700,-	Kr 2800,-
Frukost	Kr 35,-	Kr 35,-
Kveldsmat	Kr 35,-	Kr 35,-
Middag/middagsombering/sal av middag i spisesal	Kr 70,-	Kr 75,-

Andre betalingssatsar

Betalingssatsar	Betalingssatsar 2012	Betalingssatsar 2013
Tryggleiksalarm pr. måned	Kr 230,-	Kr 250,-
Korttidsopphald pr. døgn	Kr 133,-	Kr 137,- Sentral forskrift
Dagopphald	Kr 70,-	Kr 72,-Sentral forskrift
Nattopphald	Kr 70,-	Kr 72,-Sentral forskrift

Satsar for korttidsopphald og dag-/ natt-opphald er fastsett gjennom sentral forskrift. Det same gjeld brukarbetaling for heimehjelp inntil 2 G.

Kommunestyret i Hareid vedtek at sektor for velferd til ei kvar tid skal ta betaling etter maksimalsatsane for korttidsopphald og dagplass/nattplass fastsett gjennom sentral forskrift. Dette inneber at satsane kan endrast utan nytt vedtak i kommunestyret dersom satsane vert auka i inneverande budsjettperiode.

Vederlag for institusjonsopphald

Syner til forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon m.v. kan kommunen kreve eigenandel for opphald i institusjon som nemnt i Helse og omsorgstjenesteloven § 11 – 2.

Kurdøgnprisen var for 2012 fastsett til kr 1700,- pr. døgn.

For 2013 vert kurdøgnprisen auka med 3,3 % (Syner til Statsbudsjettet: Kommunal deflator på 3,3 %) og vert fastsett til: **kr 1756,-.**



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no